



Suldalsposten

Onsdag 9. april 2025 Årgang 50 nr 8



Suldalsposten ønskjer
God påske

Neste e-avis kjem:
**ONSDAG
25. APRIL**



» **leiar**

Påske skal ikkje presterast

Mindfulness, eller omsett til norsk; oppmerksomt nærvær, er for lengst etablert i den norske røynda som eitt av dei ypperste mentale reisemåla me kan løysa billett til.

Det moderne mennesket si jakt på meir lukke, større ro, djupare pust og mindre stress og samanbitne tenner og opptrekte skuldrar, er sjølvsagt også eit feitt beite for kommersielle aktørar. Dei veit å mjølka våre svake punkt og lengtande sjeler. Kven vil ikkje vera i takt med seg sjølv, livet, augenblinkane, og kven kan seia seg fri frå prosaisk stress over i-landsproblem som i det store perspektivet er støv og ingenting. Den litt vase ulyden i bilen, foreldremøtet som ein for lengst veit kjem til å kollidera med konserten der billetten alt er i boks, listene som skulle vore på plass i fjar sommar. Jobb-oppgåva som ikkje lar seg løysa som tenkt. Legg nokre slike oppå kvarandre, så kjennest det at ein ikkje akkurat går Yoda i næringa. Legg så til ein eller annan kloking som skal fortelja deg kor dum du er som lar deg stressa, så er oppkoket perfekt.

Det var i si tid Nils Ritland som fekk det perfekt sagt ein gong avisa snakka med han: Kva hjelper det om ein sit godt om ein ikkje har det godt? Det oppsummerer presist at materiell velstand har lite med sjefred, ro og glede å gjera.

Me står på terskelen til ei høgtid der forventingane om kos, fellesskap og blanke hyttevegger eller glitrande fjordviker med dei beste er rimeleg inngridde via alle våre blanke flater. Før ein veit ordet av det, er det ikkje lenger håp, men tvangstrøyer og pisk. Så derfor: Påske skal ikkje presterast. Instagram er verken sanninga eller livet. Lukka kan liggja i ein veddunge, ei øks og ein hoggestabbe. Eller i det perfekt pynta påskebordet. Kort sagt; me treng ikkje ekspertar til å godkjenna verken stresset vårt eller freden vår. Vær fri.

Med ønske om god, fri påske!

Esther Moe
redaktør



Rundt 30 unge på Nesflaten om høyringsvedta Meiner fleire av politikarane var med på behandling

I eit brev til kommunen ber gruppa, som i førekant av behandlinga bad politikarane om å seia nei, om at vedtaket blir lovlegheitskontrollert.

Esther Moe

Det er Eldbjørg K. Guggedal som står som avsendar av klagen som altså rundt 30 unge voksne i øvre Suldal står bak. Til Suldalsposten opplyser Guggedal at ho ikkje har nokon formell rolle utover å stå for sendinga av dokumentet. Ho fortel også at dei som nå klagar, er fleire av dei same som sende brev til dei folkevalde i førekant av kommunestyrets høyringssvar om kraftutbyggingssøknaden.

- Viktig med tillit

- Me er alle unge voksne, som anten bur i øvre Suldal eller er fra øvre Suldal med planar og ønske om å flytta heim igjen i nær framtid. Kva me meiner om saka, er gjort greie for i brevet me sende til politikarane før kommunestyremøtet. Uavhengig av personlege meininger, er det uansett viktig å kunne ha tillit til at dei folkevalde behandler saker utan å vera farga av eigne personlege eller økonomiske interesser, seier Guggedal til avisar når me kontaktar henne.

Meiner fire representantar er ugilde

Kjernen i brevet frå dei rundt 30 er at dei meiner kommunestyrets vedtak 6. mars, der eit knapt fleirtal vedtok høyrings-ja til Lyse Kraft sine utbyggingsplanar for RSK-anlegget, er ugyldig. Dei meiner fleire av dei som deltok i behandlinga er ugilde, og dei gjer greie for sine syn i brevet.

To frå Venstre

Venstres Olav Lindseth blei i forkant av behandlinga vurdert som ugild grunna hans roller i selskap som blir vurdert å truleg kunna ha særleg fordel av avgjerda og at dette vil kunna svekkja tilliten til representantens objektivitet og habilitet.

Varaen med styrever

Vara for han var Bonolo Ramphomane-Aandahl, men gruppa meiner tilsvarende logikk bør gjelda henne. Dei viser til at ho, ifølgje Brønnøysundregisteret er oppført som styremedlem i Suldal Næringsforening, og forvaltningslova også opnar for at personar med tilknyting til organisasjonar med interesse i ei sak også kan bli vurdert som ugilde.

Dei viser til at Suldal Næringsforening har som føremål å utvikla næringslivet i kommunen og meiner Rampomane-Aandahls verv kan leggja til rette for objektiv tvil om hennar uavhengighet når saka skal behandles i kommunestyret.

Dei meiner ho bør vurderast som ugild i denne saka og at ein ny, habil vara bør veljast til å vera med på ei ny behandling av saka.

Dagleg leiar i entreprenør-selskap

Også Venstres Dag Fisketjøn meiner dei bør vurderast som ugild i saka. Bakgrunnen er hans rolle som dagleg leiar i Ola Fisketjøn as, eit entreprenørselskap som også eig i Næringshagen i Ryfylke.

I brevet påpeikar dei at bedrifta tidlegare har tatt på seg oppdrag i forbindelse med kraftutbygging. "I dette tilfellet kan en positiv politisk beslutning som gjør det mer sannsynlig at de planlagte prosjektene til RSK DA blir realisert, ha en direkte økonomisk fordel for Fisketjøn" heiter det i brevet som også meiner selskapets ei-



Uavhengig av personlege meininger, er det uansett viktig å kunne ha tillit til at dei folkevalde behandler saker utan å vera farga av eigne personlege eller økonomiske interesser.

Eldbjørg K. Guggedal, ein av dei rundt tretti nesbuane som har underteikna brevet



PRESSENS
FAGLIGE UTVALG

Pressens Faglige utvalg (PFA) er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. Organet, som har medlemmer frå presseorganisasjonane og frå allmenta, behandlar klager mot pressa i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn.)
Adresse: Prinsensgt. 1, PB 46, 0101 Oslo.
Tlf. 22 41 56 80. Faks: 22 41 19 80.



Kommunestyret er delt, men med stemmene fra Ap, Venstre, KrF og Åshild Vetrhus fra Sp blei det elleve stemmer og overvekt for å gi eit høyrings-ja til NVE om utbyggingssøknaden frå Lyse Kraft under behandlinga sist månad

arane som a er ugilde

garskap i Næringshagen i Ryfylke, som arbeider for vekst og utvikling i regionen, også representerer ei dobbelrolle, sjølv om næringshagen ikkje er direkte part i saka.

KrF-ar med familiære band til næringshage-nestleiar
Også KrFs Randi Laache Kilane meiner brevskrivarane burde bli kjent ugild i saka. Dei meiner det faktum at representanten er gift med nestlearen i Næringshagen i Ryfylke og at den familiære tilknytinga til eit selskap som arbeider for vekst og utvikling i næringslivet lokalt og regionalt representerer ei interessekonflikt som kan skapa tvil om representantens objektivitet.

Senterparti-representant med kultur-oppdrag
Senterpartiets Åshild Vetrhus bad før behandlinga av saka om ei vurdering av hennar habilitet med bakgrunn i hennar engasjement i og oppdrag for Liv på Nes og at ho er prosjektleiar for kunstprosjektet Views på Nesflaten, eit prosjekt brevskrivarane konstaterer mottar økonomisk støtte frå RSK DA.

Kommunedirektørens vurdering var at Liv på Nes og Views ikkje er part i saka og dermed er det ikkje ugildskap etter lova. Dernest vurderte administrasjonen om det er "særeigne forhold som er eigna til å svekka tilliten til den folkevaldes gildskap", og der konkluderte kommunedirektøren med at representanten ikkje vil kunne seia å ha særleg fordel, at saka er av overordna karakter opp mot hennar rolle og difor ikkje vil kunna svekka tilliten til hennar gildskap og ho blei kjent gild av formannskapet.

Lokalsamfunnet og den offentlege forvaltinga
Den vurderinga deler ikkje dei rundt tretti sambygdiniane. Dei meiner at sjølv om ikkje verken Liv på Nes eller kunstprosjektet er parti i saka, vil beslutninga om utbygging kunna ha konsekvensar for prosjekta og at Vetrhus i rolla som prosjektleiar vil kunna ha personleg interesse i at prosjektet får vidare eller aukt støtte. "Dette kan svekke tilliten til hennes objektivitet, da hun potensielt vil ha en økonomisk interesse i at saken går i en retning som øker sannsynligheten for at prosjektets realisering", skriv dei, som avslutningsvis ber om at dei nemnde representantane blir vurderte som ugilde og at nye habile blir funne for å sikra det dei karakteriserer som ei objektiv og rettferdig behandling av saka.

"Dette vil ikke bare styrke prosessen, men også bidra til å opprettholde tilliten i lokalsamfunnet og til den offentlige forvaltningen", avsluttar dei brevet

- Står støtt på vurderinga

Det seier ordførar Mads Drange om habilitetsvurderinga som blei gjort under behandlinga av kraft-uttalen i kommunestyret. Om det reint formelle, konkluderer kommunedirektøren med at dei unge frå Nesflaten ikkje har klagerett.

Esther Moe

Klagen frå dei rundt 30 unge vaksne på Nesflaten førelåg før helga. Då sa fung. kommunedirektør Torbjørn Guggedal at administrasjonen ville sjekka ut jussen i saka.

Ingen klagerett

I går, måndag, var det gjort. I sitt svarbrev skriv administrasjonen at dei tolkar brevet som ei eit krav om lovlegkontroll. Eit slike krav kan berre fremjast av tre eller fleire medlemmer i kommunestyret eller av statsforvaltaren, skriv administrasjonen, som også slår fast at vedtaket heller ikkje er noko enkeltvedtak som kan påklagast. Dermed er konklusjonen hjå Suldal kommune at det ikkje føreligg klagerett.

Uroa for konsekvensen av utpeiking av enkeltrepresentantar

Det er den formelle sida av saka, som er administrasjonens bord. Når det gjeld sjølv vurderingane til dei unge nesbuane, er ordførar Mads Drange usamd.

– Det er viktig å ha debatt om gildskap. Når det gjeld Senterparti-representanten Åshild Vetrhus, som sjølv reiste spørsmålet om sin gildskap, meiner eg kommunestyret gjorde rett i å vurdera henne som gild, og at me står støtt i den vurderinga, meiner Drange.

Påstanden frå klagarane om at tilknyting til og verv i Ryfylke Næringshage fører til ugildskap, avviser han.

– Næringshagen arbeider med næringsutvikling i kommunen i stort, på tvers av bransjar og aktørar. Dersom ei kopling hit skulle medført ugildskap, ville me neppe hatt eit vedtaksført kommunestyre i nokon av dei store utbyggingssakene.

– Mange er eigara der, ordføraren representerer jo den største.

Han er også uroa for at effekten av at enkeltfolkevalde blir peikte ut på denne måten.

– Eg forstår at brevskrivarane er engasjerte i saka. Men ein bør stå på relativt solid grunn før ein bruker påstandar om ugildskap som ein strategi for å oppnå politisk gjennomslag. For konsekvensen av det motsette kan vera at det blir endå vanskelegare å rekruttera folk til politikken.



Ordførar Mads Drange

» notistar



Nye kostar i Suldal kommune

Kommunen har hatt fleire utlyste stillinger, og nå er det tilsett i fire av dei. Ni søkte stillinga som avdelingsleiar for reinhald. Avdelinga har ansvaret for reinhald på dei fleste kommunale bygga og har 20 fast tilsette. Ewa Maria Komar, 32 år, frå Jøsenfjorden har takka ja til stillinga som avdelingsleiar.

Fire menn og ei kvinne søkte jobben som avdelingsleiar for vatn og. Det er mannen som fekk namnet sitt unntake offentleggjering, Sigmund Malmin, som nå har takka ja til jobben.

Til stillinga som einingsleiar ved oppvekstsenteret på Jelsa, var det berre ein søker. Nå er det bestemt at Britt-Elin Håranes, konsulent for oppvekst, som har vore konstituert som rektor på Jelsa dette skuleåret, blir konstituert ytterlegare eitt år.

Ved Sand barnehage søkte fire kvinner på stillinga som einingsleiar for dei to barnehagane Randåsen og Joagarden, med til saman 29 tilsette.

– Me har hatt ein lang og god prosess rundt tilsetting av ny einingsleiar i Sand barnehage. Etter to runder med intervju av to gode kandidatar har Laila Stødle, 57 år, fått tilbod om stillinga. Me er glade for at Laila i dag har takka ja til tilboden. Ho jobbar i dag som styrar i Kolnes barnehage i Karmsøy kommune og har lang erfaring som styrar i fleire kommunar, skriv kommunalsjef for oppvekst Svein Carlos Gjil til avis i dag, tysdag.

» på tråden



Eksempel til etterfølging

På biblioteket på Sand vert det kvar onsdag trykt opp ei papirutgåve av Suldalsposten til STOR glede for mange. Eg håpar at Vinjarheim og snart den nye Sjukeheimen tenner på den gode ideen, seier Anne Berit Skeie, Sand



Foreslår å sjå nærmere på videolegevaktt med Suldal

Kommuneadministrasjonen meiner Sauda bør undersøke nærmere eit samarbeid om videolegevaktt med Suldal. () Hovudmodellen som er vurdert, er eit roterande videolegevaktsystem (VLV) mellom Sauda og Suldal. Dette inneber at éin lege er fysisk til stades i éin kommune, mens legevakta i den andre kom-

munen er bemanna med kvalifisert helsepersonell og utstyr med videoteknologi for videokonsultasjon. Systemet er meint å redusere vaktbelastinga for legane i begge kommunane, sikre betre fordeling av ressursar og samtidig gi innbyggerne stabil tilgang til legevakttjenester.

Ryfylke

Matkroken Imsland er kåra til Årets Kundefavoritt

Med imponerande 97,5 av 100 poeng i kundetilfredsheit, er Matkroken Imsland kåra til Årets Kundefavoritt blant Coop Marked- og Matkrokenbutikkane i Noreg. Prisen blei delt ut under årets store butikksjefmøte. () — For ein fantastisk følelse! Det er ei stor anerkjening av den innsatsen mine kollegaer legg ned, og eg

er sånn sett ikkje overraska, for det er ei svært dyktig og dedikert gjeng eg jobbar saman med, seier franchisetakar Jarle Kvaløy. Dette er ikkje første gongen Matkroken Imsland går heilt til topps i den nasjonale målinga. Også i 2020 blei butikken kåra til Årets Kundefavoritt.

Grannar



Suldalsordførar Mads Drange er ikkje heilt meninmann under Arbeidarpartiets landsmøte som er under avvikling. Han er ein av dei tolv i redaksjonskomiteen som har arbeidd med partiprogrammet landsmøtet skal vedta, og han har ei sak han særleg brenn for der. Foto: Marcus Parra Nygård, Rogaland Ap

Gjennomslag for fleire industrihjartesaker på Aps landsmøte

Suldalsordførar Mads Drange kan konstatera at fleire saker som også er viktige for Suldal gjekk vegen på Aps landsmøte i helga.

Esther Moe

Drange er ein av dei tolv som under helseminister Jan Christian Vestres leiing har utgjort redaksjonskomiteen for programmet partiet skal gå til val på til hausten og som helgas landsmøte tok stilling til.

Mineralnæringa

Suldalsposten snakka med Drange før helga, og då håpte han at forslaget om

ein grunnrenteskatt for mineralnæringa ville gå gjennom under avstemminga. Dei fleste andre næringar som tener pengar på fellesskapets ressursar, som oppdrett, olje, havvind og kraft har ei eller anna form for grunnrenteskattlegging, men altså ikkje verksemder som bergverk. Før helga og voteringa konstaterte Drange at spørsmålet om fordelinga mellom stat og kommune, vil vera neste steg dersom grunnrenteskatten blir innført.

Først og fremst kommunane som sit igjen med ulempene

Men suldalsordføraren meiner det i prinsippet bør vera kommunane som sit igjen med mesteparten.

— Det er først og fremst kommunane

som sit igjen med ulempene og såra etter denne verksemda. Skal me ha denne bransjen, vil også grunnrenteskatt for kommunane kunna fungera som eit incentiv, meiner Drange, som seier han ikkje har høyrt gode argument mot ein slik skatt.

Godt oppspel

Etter helgas landsmøte, rapporterer Drange at landsmøtet har knesett det han meiner er eit godt oppspel til å arbeida vidare for å realisera ein slik type skattlegging. Som for Suldals del er høgaktuelt i og med at kommunen huser eit stort bergverk på Berakvam.

Vedtaket seier at "forvaltningen av mineralressursar skal basere seg på prinsippet om at bruken av felles eide

naturressurser alltid skal komma fellesskapet til gode".

Kraftoppgradering og ras-løft

Men det blei også vind i segla for to andre eviggrønne kampsaker for kommunar som Suldal. Den eine gjeld vertskommunanes økonomiske gevinstar i forbindelse med oppgraderingar av vasskraftverk. Her fekk ein inn ein setning om at slike oppgraderingar skal komma med økonomiske insentiv for kommunane.

Og Drange og Rogaland fekk også, saman med Vestland og fleire andre fylke inn ei setning om eit betydeleg løft for rassikring av riks- og fylkesvegar.

Stor mobilisering for E 134

Onsdag 2. april var det ordførermobilisering for E 134 på Stortinget. – Vi stilte med to fylkesvaraordførere og 15 ordførere fra fylker og kommuner langs vegen, opplyser Pål Kårø, daglig leder i E 134 Haukelivegen AS. () –Ordførere fra hele traseen fikk presentert sine prosjekt på E 134. I tillegg frontet fylkesvaraordførerne fra

Vestland og Rogaland sine prosjekt på europavegen. Det er viktig å frakte hele vegsystemet, og ikke minst stå samlet, forteller Førstund. () Nå som første tunnel (Røldal-Seljestad) er i gang, er E 134 Haukelivegen sitt fokus å få støtte til neste – en lengre tunnel Røldal-Vågslid, slik at E 134 blir helt vintersikker. **Hardanger Folkeblad**

Landets eneste vindkraftlinje på VGS legges ned

Norge og EU har satt mål om å øke kapasiteten på havvind i fremtiden, men nå fjernes det spesialiserende utdanningstilbudet. Norge har storstilte ambisjoner om vindkraft til havs. Regjeringen har satt et mål om 30 GW havvind innen 2040. Satsingen står i sterkt kontrast til det som skjer i Egersund: Der legges Norges eneste

vindkraft-linje ned. () I juni 2024 ble det enstemmig vedtatt i Rogaland fylkesting at linjen skulle legges ned, hvor to forhold understrekkes: Det er svært få læreplasser i bransjen, og svært få søker til linjen over flere år. daglig leder for Energy Innovation Frank Emil Moen, synes utviklingen er urovekkende. **NRK Rogaland**

Statsforvaltaren om søker-hemmelegghaldet:

Opphevar delar av kommunens innsynsavslag

Seks av dei tretten søkerane til kommunedirektør-jobben i Suldal fekk namna sine unntatt offentlegheita. Saka er påklaaga, og nå må Suldal kommune gjera meir konkrete vurderingar for tre av dei hemmeleghaldne.

Esther Moe

Det er Kommunal Rapport som har klaga på avslaget dei fekk frå Suldal kommune då dei bad om innsyn. Saka gjekk vidare til Statsforvaltaren i Rogaland, som har gjort ei ekspeditiv vurdering, og der får Kommunal Rapport delvis rett.

Generelt ubehag er ikkje nok

Hovudregelen er altså at søkerlista skal vera offentleg. Moglegheita for unntak finst, men kravet er at det må føreliggja særlege grunnar, og dei må dokumenterast. Generelt ubehag ein søker vil kunna oppleve med å bli ført opp på ei liste som blir offentleg, er ikkje nok, skriv statsforvaltarens saksbehandlar, som viser til at forarbeida til lova har eksempel på grunnar som er gangbare. Eitt er ein søker som leiar ei bedrift i omstilling, der det er fare for ekstra uro om det blir kjent at leiaren er ute på jobbmarknaden.

Statsforvaltaren konstaterer at det er knytt stor interesse til ei stilling som toppsjef for ein kommune, og at det dermed berre kan bli gitt unntak dersom det er særlege grunnar.

Tre vurderingar blir godkjende

Statsforvaltaren meiner at det for tre av søkerane kommunen har innvilga skjerming, er godtjort og dokumentert at dei omsyna som talar for unntak veg tyngre enn dei som talar mot.

Det gjeld søker 1, 4 og 5.

For søker 1 er unntaket grunngitt med at ho eller han er øvste leiar i offentleg sektor og har det overordna ansvaret for ein omfattande omstillingsprosess. Og at det altså kan skapa uro, svekkja tillita til leiarskapen og påverka gjennomføringa av omstillinga dersom det blir kjent at vedkommande søker annan jobb.

Også søker 4 er leiar i offentleg sektor. Søknaden om unntak er grunngitt med at vedkommande er sentral i prosessar der eksterne partar kan velja mellom søkerars arbeidsplass og andre aktørar. Statsforvaltaren meiner at sjølv



Suldal kommune held nesten halvparten av søkerlista til jobben som ny kommunedirektør hemmeleg. Nå er avgjerd prøvd hjå Statsforvaltaren.

om vedkommande ikkje er øvste leiar, vil arbeidsgivaren kunna bli påført tap om søknaden blir kjent.

Søker 5 arbeider i privat næringsverksemder der det er fleire pågående konkurransesituasjonar der vedkommande er ein tilbydd ressurs. Unntaket er grunngitt med at dersom det blir kjent at vedkommande har søkt anna stilling, kan det påverka selskapets konkurransesituasjon og påføra det tap.

Dei tre som ikkje går gjennom

For dei resterande tre søkerane som har fått namna sine unntatt offentlegheit, meiner Statsforvaltaren at grunngivingane kommunen har gitt, ikkje er tilstrekkelege for at statens forlenga arm kan vurdera om det er grunnlag for å halda namna deira hemmelege. Det gjeld for søker 2, 3 og 6.

Står i prosessar med lokalt næringsliv
Søker 2 er øvste leiar i offentleg sektor og står i prosessar med lokalt nærings-

liv, som det heiter i papira frå statsforvaltaren. Ønsket om å bli skjerma, er oppgitt som omsynet til næringsliv og organisasjon. Det er ikkje handfast nok for statsforvaltaren, som minner om at høge stillingar i seg sjølv ikkje er grunn god nok.

Kan virka negativt

Søker 3 viser til at arbeidsplassen der vedkommande er tilsett, er i omstilling i forbindelse med at ny leiar skal tilsettast. Og at det kan verka negativt inn på desse prosessane om det kjem ut at vedkommande har søkt på ei anna stilling. Rekrutteringa av ny leiar har pågått i fleire månader, Statsforvaltaren skriv at ein ikkje kan sjå at søkerars rolle har den store påverkinga på prosessen og meiner eventuelle skadar eller ulempar ikkje er gjort greie for konkret.

Svært synleg posisjon i selskapet

Søker 6 er øvste leiar i det private næringslivet. Vedkommande viser til om-

struktingar i organisasjonen og ein svært synleg posisjon i selskapet og meiner eksponeringa av namnet vil vera uehdig både internt og eksternt. Men statsforvaltaren minner om at dei fleste organisasjonar stadig er i endring og meiner også her at grunngivinga ikkje er konkret nok.

Må vurdera på nytt

Dermed opprettheld Statsforvaltaren i Rogaland Suldal kommune sitt vedtak for tre av søkerane. For dei tre andre må Suldal kommune vurdera innsynskravet på nytt, heiter det. Kommunal-sjef for økonomi og organisasjon, Turid Vaage, seier til avisat at kommunen skal gå i dialog med dei aktuelle kandidatane om grunngivingane og gjera nye vurderingar. Skulle Suldal kommune igjen avslå innsyn og Kommunal Rapport igjen påklaaga det, går saka igjen til Statsforvaltaren.



Neri Fisketjøn, Øyvind Gjuvslund og Zekiye Nyland i aksjon under storøvinga i Iversflottunnelen der naudetatane torsdag kveld trente på eit scenario med møteulukke inne i tunnelen. Foto: Morten Aarhus/Suldal kommune

Storøving i Iversflottunnelen

Rundt 20 lokale brannfolk, eit mannskap på tre frå ambulansen, 110-sentralen og Vegtrafikksentralen var med under øvinga, berre politiet uteblei

Esther Moe

– Ei veldig god øving der me fekk testa både mannskap, alarmar og utstyr. Og takk til Statens vegvesen som legg så godt til rette og tar arbeidet med å stengja tunnelen og til bilistar som har forståing, takkar Morten Aarhus dagen etter den tre timer lange øvinga.

Med og utan røyk

Hovudscenariotet dei fekk bryna seg på, var ei møteulukke mellom to personbilar inne i tunellen. Først utan røyk, dernest med. Den vel 1000 meter lange Iversflottunnelen er den einaste på riksveg 13 med tunellvifter. Også dei

ingår i varslingssystemet, og dei syter for at røyken blir blåst i retning øvre Suldal slik at mannskapene som kjem fra Suldalsosen og Sand kan komme til. Også ei mobil vifte blei testa.

– Synd at politiet ikkje er med

Øvinga testar også at varslingar og alarmer virkar slik det skal. Naudtelefonane ved tunellopingane går rett til 175 der dei har prosedyrar for å stengja tunnelen. For vegfarande viser det seg i form av blinkande raude lys i tunellopinga, og Aarhus fortel at tunnelen blei stengt berre sekund etter at naudtelefonen blei brukt under øvinga.

Også brannsløkkingsapparata i tunnelen fungerer som varsalar.

– Tar ein eitt ut, går alarmen rett til 175, der varslet går vidare til 110-sentralen, fortel Aarhus, som er svært nøgd med gjennomført øving.

– Det er synd at politiet ikkje har ressursar til å vera med, dette var ei nyttig og god øving, oppsummerer han.



Rundt 20 brannfolk frå Sand og Suldalsosen deltok torsdag kveld.



Werner Bakka tar sin tørn.



Mannskapa fekk også trennt i ein røyklagt tunnel



Velfortent pause etter endt øving
Alle foto: Morten Aarhus/Suldal kommune

Riksveg 13-krigarane er klare for å starta valkampen

Rainer Speth og Hadle Eide Bakka aktar å sørge for at riksveg 13 kjem på valkamp-agendaen. Nå inviterer dei to lokale lag og organisasjoner til idèdugnad rundt fleire kampsaker listetoppene i Rogaland kan bli utfordra på.

Esther Moe

Eide Bakka og Speth er høvesvis leiar og nestleiar i folkeaksjonen for riksveg 13, som i fjor blei formelt registrert i Brønnøysundregisteret. Trygg Rv13 gjennom Suldal er blitt ein solid faktor i kampen for ein betre og tryggare veg, og er blitt løfta fram som eit forbilde for andre lokalsamfunn som slit med rasfarlege og ynkværdige vegar.

Stort og smått

Vegfarande nyt også godt av informasjonsstraumen og siste nytt-oppdateringane om veg og føreforhold på Facebook-gruppa deira, og siste organisasjonsnytt er at gruppa nå har meldt seg inn i Fjordvegen Riksveg 13, ei anna interessegruppe som kjempar for heile vegen, frå Stavanger til Sogndal.

Dei følgjer tett både store prosjekt som hjartebarnet og aksjons-gudmora Rødsliane og rasssikringstunnelen der, men følgjer også opp hendingar og forhold på vegen. Meir om det under. Men først; det dei nå er ute på, er å gira opp til stortingsvalkampen.

Vil utfordra listetoppene og inviterer til dugnad

Dei to ser føre seg eit folkemøte med eit



Rainer Speth og Hadle Eide Bakka er høvesvis nestleiar og leiar og sentrale motorar i Trygg Rv13 gjennom Suldal. Folkeaksjonen blei i fjor formalisert, og nå inviterer dei til samarbeid om å gira opp før haustens valkamp.

panel av listetoppar frå dei ulike partia i Rogaland der politikarane blir stilte til vegg om kommunikasjon og samferdsle lokalt i vid forstand. Men Eide Bakka og Speth ser føre seg at det også kan bli plass til andre lokale brennbare saker og tema ein slik kveld og ber nå frivil-ligsuldal med seg på idèdugnad 7. mai.

Vegens politikk-riddarar

– Samferdsle skal me ta oss av, og då handlar det ikkje berre om vegen, men om offentleg kommunikasjon og rute-tilbod. Men me ser føre oss ein eller to kveldar med fleire bolkar og tema som

er viktige for Suldal og som me kan utfordra politikarane på. Kva vil dei gjera og kva vil dei jobba for, forklarer Eide Bakka.

På spørsmål om kven som er hans favorittpolitikarar med tanke på veg- og samferdsleinnsatser, treng han ikkje lang tenketid:

– Ingrid Fiskaa frå SV har vore ein utmerkt ambassadør for riksveg 13, men eg vil gjerne også ha Lasse Fredheim frå Høgre inn på tinget i haust. Han er leiar i samferdsleutvalet i fylket og har god kjennskap til feltet.

Sjølv anslår Trygg Rv13 gjennom Sul-

dal-sjefen at han brukar fem til ti timer i veka til den frivillige innsatsen. Telefonar, dokumentlesing og brevskriving krev tid. Det siste brevet som gjekk til Statens vegvesen og Samferdsledepartementet er rykande ferskt og gjeld ein episode på suddsvegen i februar.

Tar opp sein 175-reaksjon

– Eitt av styremedlemmene våre møtte ein del steinsprang på Hylen-sida av Hylstunnelen. Då ho melde det inn til 175, fekk ho beskjed om at det var meldt inn tjue minutt tidlegare og at entreprenør skulle sendast for å rydda. Men då ho vel to timer seinare kom tilbake, møtte ho ein bil som hadde fått øydelagt hjul etter å ha køyrt inn i steinane som framleis låg der, fortel Eide Bakka, som i brevs form nå ber styresmakten og etaten om å forklara at det går to timer utan at entreprenør blir kontaktat.

Matte ty til tunnelgrøfta

Men også høge køyretøy som eigentleg ikkje får plass under tunneltaket, er tema. Sjølv har han møtt store køyretøy med vilt blinkande lys som er langt over i feil køyrebane inne i tunnelar. Ein gong berga han seg med å ty til grøfta i tunnelen, fortel han, som i brevet føreslår at høgdemarkeringane på 410 centimeter må skiltast betre ved både Helganesbrua og ved avkjøringa i Røldal for å unngå desse farlege situasjonane.

Og medan dei ventar på departement og Statens vegvesen, håper dei å få samarbeidsnapp med fleire frivillige krefter som vil by opp listetoppar til utforderingar.

Endå meir pengar til sentrum

Suldal kommune har søkt Rogaland fylkeskommune om tilskot til stadsutvikling, og resultatet er 170 000 sentrumskroner.

Nora Bogetvedt Jenssen

Prosjektet kommunen har søkt midlar til, handlar om utvikling av sentrum.

Vil skapa meir aktivitet

I søknaden til fylket heiter det at kommunen søker midlar for å starta kartlegging og til å setja i gang arbeid som kan skapa sentrumsaktivitet. Det blir spesielt nemnt møteplassar og det å skapa liv ved å ta i bruk tomme sentrumslokalar som møtestad for ungdom. Også samlokalisering av funksjoner og kontorfellesskap blir trekt fram. Kommunens folk skal også sjå på tiltak og aktivitetar som kulturarrangement, aktivitetshus og møtestader.



Belg og bøge sørger her for musikken og folket for drøset. Det myldra godt på Torjå denne sommardagen nokre år tilbake. Nå kan sentrum få endå eit løft ved å ta i bruk tomme næringslokale. Nora Bogetvedt Jenssen

Omtalt som eit spennande prosjekt

Rogaland fylkeskommune meiner Suldal kommune presenterer eit spennande prosjekt i Sand sentrum med mål om å gjera det meir attraktivt for innbyggja-

rane, næringslivet og tilreisande. Dei likar spesielt godt tanken om aktivitetar for barn og unge og moglegheitane for å fylla tomme sentrumslokale med liv. Kommunen har i søknaden budsjettert

prosjektet til 910 000 kroner, søkt om 455 000 kroner, og tilslagnet enda på 170 000 kroner.



Mange hundre var innom Karrieresdagen på Fiskepiren i byrjinga av januar. I april er det klart for ny rekrutterings-samling, denne gongen i regi av Ryfylke IKS, Næringsforeningen i Stavanger og Ungdomsrådet i Ryfylke.

Nettverksfest på Fiskepiren

Ryfylke IKS og Næringsforeningen i Stavanger har teke på seg spanderbuksene når dei, i lag med ungdomsstyret i Ryfylke, inviterer til nettverksfest i Stavanger. Meir kostar det for dei som vil visa seg fram.

Nora Bogetvedt Jenssen

Tanken er, ifølgje ungdomsstyret, at unge som er på leit etter ein jobb, vil utvida nettverket sitt eller berre ha ein sosial kveld, bør møta opp til det til

omtalar som den største nettverks- og rekrutteringsfesten for Ryfylke. Ungdomsstyret fekk på tampen av fjoråret 1,5 millionar kroner fra Sparebankstiftinga SR-Bank som blant anna skulle gå til viktige tiltak for unge i Ryfylke.

Gratis hotellovernattning

For den låge prisen av 200 kroner får dei som kjøper billett, glede av konsert med TØFL og Isah i den gamle vente-hallen på Fiskepiren, som nå fungerer som konsertscene. Rosinen i pølsa er kanskje gratis overnatting i dobbeltrom på hotell for dei 200 første som melder seg på. Alt dette, i tillegg til å få møta eit breitt spekter av bedrifter og sjan-

sen til å bli betre kjent med kvalitetane i eigen region, som arrangørane skriv.

Stiv pris for bedriftene

Utstillarane, altså lokale bedrifter på jakt etter arbeidskraft, er inviterte til samlinga for å treffa ungdom som bur i regionen og dei som i påsken er heimom på ferie frå studiar eller arbeid. For bedrifter med inntil ti tilsette, er prisen sett til 10 000 kroner, og er det fleire enn ti tilsette, aukar den til 20 000 kroner. Då er det i tillegg til å få visa seg fram, inkludert ei nettverkssamling med Veronica Simoné Fjeld. Ho skal dela konkrete tips, engasjerande historier og skal inspirera bedriftene til å skapa ekte

koplingar med framtidas arbeidskraft.

Skattkammeret Suldal sin stand

Det er ei krevjande tid for lokalt næringsliv, både med tanke på økonomi og rekruttering. Det har Suldal kommune teke omsyn til og har invitert lokale bedrifter til å delta på fellesstand i lag med Suldal kommune. Der skal dei saman profilera Skattkammeret Suldal som ein attraktiv arbeidsplass og bustadkommune, ifølgje invitasjonen. Gledeleg for dei lokale bedriftene, er at kommunen betaler gildet. Med seg til Fiskepiren får kommunen KV-bygg Suldal, Drøs, Suldal Bad, Næringshagen i Ryfylke og Ryfylkemuseet.

Ny leiartrio i Omega 365 Design

Ølensfirmaet, med lokalkontor på Sand, gjer endringar i leiinga.

Nora Bogetvedt Jenssen

Judith Sørhus Littlehamar blir avdelingsleiar for Ryfylke. Ho ser nå fram til å komma endå tettare på kundane både i Sauda og Suldal, samt lenger sør i regionen.

Starta i Suldal

– Me brenn for at lokalt næringsliv og andre aktørar skal kunna veksa og utvikla seg. Sidan starten har me fått jobba tett med store og mindre aktørar i alt, frå reiseliv til tung industri. Nå har me vore her i 26 år, og mange kjenner oss,

men slett ikkje alle, sjølv om det var her i Suldal det starta, seier Sørhus Littlehamar i ei pressemelding.

Selskapet blei etablert i Suldal som Norsk Plan i 1999 og er nå del av Omega 365-konsernet. Omega 365 Design har avdelingskontor i Haugesund, Sauda, på Sand og i Bergen.

Leiar-trioen

Med seg i den nye leiartrioen, får ho Maria Djuve Vågen, som nå trer inn som ny dagleg leiar. Ho kjem frå Ølen og har ti års erfaring frå selskapet. Tidlegare dagleg leiar, Astrid Eidhammer Hjelmeland, skal fortsetja som avdelingsleiar for Haugalandet.

For ordens skull, skal det opplystast at Judith Sørhus Littlehamar er styremedlem i Suldalsposten.



Omega 365 Design omorganiserer i leiinga. Suldøl Judith Sørhus Littlehamar, til venstre, blir nå avdelingsleiar for Ryfylke. I midten, den nye daglege leiaaren Maria Djuve Vågen, og til høgre Astrid Eidhammer Hjelmeland, som går frå å vera dagleg leiar til å bli avdelingsleiar for Haugalandet. Foto: Hanna Maria van Zijp



Norges og Nordens desidert høgaste gran blei ifølgje eigar Gunnar Aas planta i 1917 og står mellom Ås og Istad i Vikaneset naturreservat, på grensa til Sauda kommune.

Nordisk gran-rekord

Nå er det bekrefta. Suldal kan smykka seg, ikkje berre med norsk, men også nordisk rekord, etter at Håvar Bunes har funne Nordens høgste, ikkje-importerte, grantre.

Nora Bogetvedt Jenssen

– For nokre utrulege graner, seier mannen som har målt, Håvard Bunes, etter besøket i Suldal.

Skjønte fort at det blei rekord

Han tok fly til Haugesund, sette seg i ein leigebil og fann fram til Vikaneset naturreservat onsdag denne veka.

– Det var litt meir ulendt terrenge enn eg hadde sett føre meg, men då eg kom ned i ura og såg grana, skjønte eg fort at det kom til å bli rekord. Eg fekk målt treet med avansert laser, og målinga enda på 52,3 meter fortel han.

Med det blei det ein soleklar rekord. Det høgaste grantreet målt i Norge tidlegare, står i Lørenskog og er 48,9 meter over bakken.

Planta i 1917

Bunes fortel at det ikkje finst målingar av høgare tre i heile Norden, så dette blei ikkje noko mindre enn ein nordisk rekord. Og ikkje nok med det. Fem meter frå rekordtreet, der veks det endå ein rekord. Den grana blei målt til 50,7 meter og susar rett inn på pallen, på plassen under naboen.

At granene han planta skulle bli dei høgaste i Norden hadde nok ikkje gardbruken i tankane då han var ute på skogplanting ein gong i 1917.

Høgast i Slovenia

Kan henda det kan bli fleire rekordar i framtid? Den største grana det finst målingar av står i Slovenia og ragar 63 meter over bakken. Bunes seier rekordgrana i Suldal ser frisk ut og har eit langt toppskudd


– Eg ser ingen grunn til at den ikkje skal veksa endå fleire meter, spår eksperten.

Sjølv om Bunes nå har funne Nordens høgaste granar, har han ingen planar om å leggja hobbyen på hylla. Han fortel at han kjem til å farta rundt i landet og dokumentera høge tre. Han brukar avanserte dataprogram til å sökja over store landområde for å finna dei trea som ragar høgast.

Dronefilmen av målinga finn du på suldalsposten.no



Håvar Bunes blir liten ved sidan av rekordgrana han målte onsdag denne veka.



Den raude prikken viser kor Nordens største graner veks.

Tekst: Nora Bogetvedt Jenssen

**Tre suldøler deler sine finaste påsketurar med oss.
La deg inspirera, pakk sekken og legg i veg. God tur!**

Min finaste påsketur

GEIR OVE LØLAND:

Nastølen i Hylsfjorden er svarret når Geir Ove Løland skal velja seg den finaste påsketur-en.

Har du ein påsketurfavoritt?

– Ja, den finaste påsketuren for meg går til Nastølen i Hylsfjorden.

Korleis kjem du deg dit?

– Ein både startar og sluttar turen ved Indre Bjerga, og turen går både på traktorveg og sti.

Kor lang tid brukar du?


– Rundt tre og ein halv time tur-retur.

Kva er det som gjer akkurat denne turen så fin?

– Det er ein veldig fin tur opp til stølen, Når ein kjem heilt fram, er der ei fantastisk fin utsikt, og det utan å gå på verken nokon topp eller nut. Ein ser Skau- len i aust og ferjene på Boknafjorden og Kvitsøy i vest på ein gong.



Geir Ove Løland bur på Indre Bjerga og favoritt-turen hans går til Nastølen.



Nastølen i Hylsfjorden med utsikt til både Skau- len og Boknafjorden. Foto: Geir Ove Løland.

MARK LAURENSEN:

Når Mark Laurenson frå Nesflaten skal velja seg sin finaste påsketur, endar han på tur til Sandvatn.

Din finaste påsketur?

– Det er turen frå Moskar til Sandvatn, aust for Jonstølen.

Korleis kjem du deg dit?

– Ein parkerer på Moskar ovanom Vetrhus i Bråteit, så går ein innover; forbi Mostøl, Jonstøl og vidare inn og oppover til Sandvatn.

Kor lang tid brukar du?


– Det går fort to til tre timer. Men om eg skulle teke turen i dag med heile familien, blir det fort dagstur med mykje mat og drikke underveis.

Kvífor likar du denne turen så godt?

– Den er blitt favoritt-turen og feriefavoritten min fordi familien har hytte på Sandvatn. Me er på hytta mange gonger i løpet av året.

Kva har du med i matpakka di?

– Når eg er på skitur, er nistepakka fyldt opp med sjokolade og grov skjeve med brunost.



Familiehytta ved Sandvatn er favorittstaden til Mark Laurenson, både når det gjeld påsketur og feriar. Foto: Privat

Mark Laurenson bur på Vetrhus i Bråteit, og favoritt-turen hans går til familiehytta ved Sandvatn. Foto: Privat



Loksteleitet i Fjetlandsheia Foto: Benedicte Haug

BENEDICTE HAUG:

Benedicte Haug sin finaste påsketur går til Fjetlandsheia på Ropeidhalvøya og til Loksteleitet.

Har du ein påsketurfavoritt?

- Den finaste påsketuren eg veit om går til Loksteleitet i Fjetlandsheia på Ropeidhalvøya.

Korleis kjem me oss dit?

- Ein startar på toppen av Fjetlandsvegen på Ropeidhalvøya og endar ved eit vatn med utsikt over Vindafjorden. Når ein er framme, kan ein velja å gå ned igjen same vegen, eller å fortsetja på rundturen rundt Røssenuten. Turen tar rundt ein time å gå.

Kvífor likar du akkurat denne turen så godt?

- Den er blitt ein favoritt fordi den har akkurat passeleg lengde, utsikta er nydeleg, og ein får litt av alt på denne turen. Mange fine naturopplevelingar.

Kva har du i nistepakken?

- Eg har med med appelsin, sjokolade og kaffi.



Benedicte Haug ute på tur, her med sonen Trygve som nå er blitt to og eit halvt år.
Foto: Privat



Jakob Nessa, Amund Hiim Havrevoll og Noah Parelius Moe Lindseth gjekk sigrande ut av årets Ryfylkequiz på Sand skule.

Jan til Finnøy

Best i kunnskap om Ryfylke av alle 8. klassingane på Sand skule, er Jakob Nessa, Amund Hiim Havrevoll og Noah Parelius Moe Lindseth.

Med rekordhøg poengsum etter første runde i dagens quiz, gjekk dei tre på laget "Jan" inn i finalerunden med høg sjølvtillit.

Kan mykje om alt

Dei tre gutane i klasse 8C kjempa mot laga Gamers og Firkloveren om sigeren og billett til den store direktesende finalen på Finnøy i sluttan av mai. Jakob, Amund og Noah hadde stålkontroll på kommunevåpen, attraksjonar i dei ulike kommunane, draktfargar på fotballaget Finnøy, bruer, tunellar og næringsliv.

- Stålkontroll på næring

Det var tre glade gutar som heva ar-

mane i vêret og tok imot gratulasjoner frå klassevennene etter at sigeren var i boks.

- Me er best på Suldal, der har me stålkontroll på alt innan næring, påstår Noah, og Amund følgjer opp med at dei er gode på sport også.

Dei har delt kommunane seg imellom og lese seg opp på to kvar.

Går for siger

På spørsmål om korleis det har førebudd seg på Ryfylkequizzen, blir det latte i trioen. Det viser seg at dei eigentleg trudde det heile skulle skje i morgen, tysdag. Med det, har førebuingane ikkje vore heilt optimale, så nå tippar dei at når dei får lesa seg skikkeleg opp til finalen, kjem det til å gå endå betre. Ja, kanskje heilt til topps. Det er tre år sidan eit lag frå Suldal stod øvst på quiz-pallen og, når det i tillegg er 10-årsjubileum for Ryfylkealliansen sin klassequiz, passer det godt med siger, meiner dei tre.

- Me går for siger, er klar melding ut.



Alle åttandeklassingane på Sand skule var med å kjempa i Ryfylkequizzen måndag



Førlandsøyane byr på vakker og variert natur. Her frå eit år då våren var godt i gang. Foto: Esther Moe



Tekst: Nora Bogetvedt Jenssen

Førlandsøyane Trail Run blei arrangert for første gong i fjor. Ifølgje arrangørane, kanskje Norges flataste terrengløp. 27. april er det igjen klart for å springa i lag med naboen, hytte-suldølen og andre på vakre Førlandsøyane. Og etter Førlandsøyane, kjem dei andre lokale løpa tett som hagl.

Sesongens lokale trimløp:

Finn fram jogge-sk



Tom Steinar Nærheim registrerte brikka si og gjorde seg klar for 1100 meter opp og 1100 meter ned igjen i fjorårets Vinjanuten rundt. Foto: Oddny Lunde Bakka



Denne flotte utsikta venta deltagarane på toppen av Grytenuten. fjer. Mange hadde møtt opp for å heia fram løparane. Foto: privat



Koa og lad opp

Arrangør for Førlandsøyane Trail Run, er trimgruppa i IL Sand, der Aslak Brinkbo er løpsleiar.

Fem kilometer

I fjor møtte 50–60 personar opp palmelaurdagen, og rundt 40 spreke sprang eller gjekk runden.

– Me har ikkje så fålt mange påmeldde endå, men sattar på finare vær i år, og at mange møter opp. Grunna spyleflaumen, er årets løype endra og blir litt kortare. Nytt er at me riggjar tidtaking for dei som ønskjer det, seier Brinkbo og legg til at dette er eit lågterskeltibod for alle, anten folk vil springa eller gå runden med barnevogn.

Konkurranse eller trim

Start og mål er 200 meter nedanfor Førland Grendahus, og ifølgje arrangøren, går løypa langs Lågen ned til Førlandsøyane: Storøy, Øyno, Risøy og rundar opp gjennom skogen på sti og grusvegen vidare til mål. Fem kilometer skal tilbakeleggjast denne siste søndagen i april, og ein kan stilla i både konkurranseklasses, trimklasse og aldersbestemte klassar.

Saudafjellet Maraton

For dei meir rutinerte springarane og alle dei som kan kje har fått seg ein ny springevår etter Førlandsøyane,

byr det seg fleire sjansar lokalt. Avisa Ryfylke skriv om to saudabuer som nå vil arrangera maraton mellom Røldal og Sauda. Ideen fekk dei då dei såg at strekket var skilta med 42 kilometer, noko som er tilnærma lik ein maratondistanse på 42 195 meter. 31. mai er dato for dei som nå kjenner at det rykkjer i løpefoten.

Slag i slag

– Ja, her går det slag i slag, ler Ølmedal Rundt-generalen Lars Olav Larsen, og han lovar nytt Ølmedal Rundt, 9 juni.

Det blir nummer 41. i rekka, og Larsen ventar, som tidlegare, godt med besøk frå Suldal 2. pinsedag i den sju kilometer lange løypa rundt Ølmedalsvatnet i Imsland.

Ikkje mange dagane etter Ølmedal Rundt, kan ein testa kreftene i høgda. Då har ein fem dagar å restituera seg før Hovlandsnuten Opp. Motbakkeløpet går frå Risvoll skule i Saudasjøen og til Hovlandsnuten, 931 høgdemeter lenger oppe.

Vinjanuten rundt

Neste løp ut av dei lokale, er Vinjanuten rundt. På telefon frå Skigymnaset på Hovden fortel arrangør Thomas Bakka at det sjølvsagt blir råd både å springa og gå Vinjanuten rundt i år også. Det er berre å setja av

datoen 21. juni. Han arrangerte løpet første gong i fjor, og det har tydeleg gitt meirsmak.

– Eg håpar på endå fleire deltagarar i år, spesielt håpar eg at turfolket, som berre vil ta det som ein flott tur, møter opp.

Bakka fortel om strålende vær på Hovden om dagane. Det resulterte i ein spontan dagstur frå skulen, på ski og i shorts, heilt til Haukelisæter og kjøttkakemiddag.

– Me var glade då dei kom å henta oss, og me fekk køyra tilbake til Hovden, ler sprekingen og lovar meir informasjon om Vinjanuten rundt når det nærmar seg.

Litt å glede seg til på ettersommaren


Siste løp ut i Suldal, er endå eit løp som såg dagens lys i fjor, nemleg Grytenuten Opp på Ropeidhalvøya.

– Heile dugnadsgjengen har sagt ja til ein ny runde, så nå blir det nytt arrangement, seier ein svært nøgd lokal arrangør, Gunvor Tveita.

Med ein forsommars tettpakka med lokale trimløp har dei enda på å velja seg ein dato rundt skulestart, og 6. september er det tid for trimløpet med start frå Joker Vatlandsvåg og opp dei 862 meterane til toppen av sjølve Grytenuten. I fjor var det Vinjanuten Opp-arrangør, Thomas Bakka, som var først opp på tida 48.25, med erfjordbuen Øyvind Røgenes rett bak på tida 51.51.

Tekst: Nora Bogetvedt Jenssen og Oda Torbjørnsen

Påskequiz 2025



Påskegatene har gjort Antigua i Guatemala verdsberømt. Dei fargerike og forseggjorde teppa er laga av blomstrar, farga sagflis, frukt, grønsaker og sand, og blir kalla Alfombras. Foto: NPK

» Tradisjon og tru

- Kva kallar ein veka mellom palmesøndag og første påskedag?
- Kva er namnet på den jødiske påskefeiringa?
- Kva feirar me palmesøndag?
- Kva dag i påska i katolsk tid i Norge, kunne dei som var lyst i bann bli tatt opp igjen i kyrkjesamfunnet?
- «Virvonta» er ein tradisjon der barn kler seg ut som små påskehekser. I kva land er dette?
- Kva bestod det siste måltidet til Jesus og apostlane før krossfestinga av, ifølgje Bibelen?
- Kva er namnet på den første dagen i den 40 dagar lange fasta før påske?
- Og kva kallar ein gjerne dagen før dette?
- Kva er namnet på det ugjæra brødet jødane et under påskefeiringa?
- På vestkysten av kva land et ein gjerne skjelpaddekjøt i påska?

Svar: Tradisjon og tru

- Den stille veka
- Den jødiske feiringa i påskehøgtiden er pesach (å gå forbi). Den visar til forteljinga om då israelitterne blei redda frå slaveri i Egypt.
- Jesu inntog (på eit esel) i Jerusalem. Folk strøydde palmegreiner på vegen til ære for ham.
- Skjærtorsdag
- Finland
- Brød og vin
- Oskeonsdag
- Feittedydag
- Matza
- Mexico



jølvaste påskeharen. Foto: Shutterstock / NTB

» Godt og blanda for dei minste

- Kva slags dyr, som er gult, ser me ofte i påska?
- Kva leitar me etter i påska? Hint: Dei er ofte fylt med godteri.
- Kva dyr kjem med påskeegg?
- Kva blir sjokolade laga av?
- Kva frukt et me ofte i påska i Norge?
- Kva heiter barna til sauene?
- Kva er namnet på hunden til Mikke Mus
- Kva er namnet på prinsessa som sov i hundrede år?
- Kva dyr er verdas høgaste?
- Kva er namnet på kunstnaren som har malt bildet «Skrik»

Svar: Godt og blanda for dei minste

- Påskekylling
- Påskeegg
- Påskeharen
- Kakaobønner
- Appelsin
- Lam
- Pluto
- Tornerose
- Sjiraffen
- Edvard Munch



Påskestemning frå Proststøldalen. Foto: Thea Granli

**Finn fram gamle og nye kunnskapar og test deg sjølv i Suldalspostens påskequiz.
Kanskje er du den som kan litt av alt, eller er skikkeleg god i sualdals-geografi?**



Ved riksvegen var det også komme opp eit flott påsketre. Arkivfoto

» Lokal geografi

- Kor høg er Napen?
- Kor mange busette øyer finst i Ryfylke?
- Den største saue-kommunen i Norge heiter?
- Ein stor bedrift på Strandalandet produserer mellom anna kompositmaster til kraftmarknaden. Kor heiter den?
- I kva kommune/kommunar finn ein Svtunellen?
- Pilt-Ola gjekk tvers over Russland og tilbake. Kor mange år brukte han? Alternativ: 4 år, 7 år, 12 år, 23 år.
- Kva heiter den populære gangbrua frå Jørpeland til Jørpelandsholmen?
- Når blei Rennfast opna?
- Når blei stavkyrja i Røldal bygd?
- Han som samla Norge til eitt rike har fått monumentet sitt reist i Haugesund. Kva heiter det?

Svar: Lokal geografi

- 1350 meter over havet
- 24
- Stavanger
- Comrad
- Hjelmeland og Strand
- 7 år
- Staalverksbrua
- 1992
- 1200-talet
- Haraldsstøtta



Kva veg mest av gull og sølv?
Ringane på bildet er frå eit
arkeologisk funn. Foto: Annette
Græsli Øvrelid, Arkeologisk
museum, UiS

» Litt av kvart


- Kor mange sider har eit heptagon?
- Kleftiko, ein rett av lam, blir helst servert i?
- Kva er det Pegasus i gresk mytologi har, til forskjell frå verkelege hestar? Gullhår, horn i panna, venger eller åtte bein?
- Kva note varer like lenge som to fjerdedelsnoter?
- Kor mange bein har ein sommarfugl?
- Kven var statsminister i Norge frå 1981 til 1986?
- Kva er hovudingrediensen i ein indisk 'Raita'?
- Kva kroppsdel har som hovudoppgåve å fjerna av fallsstoff frå blodet?
- Kva treslag var 'Kon-Tiki-flåten' bygd av?
- Kva veg mest av ein liter gull og ein liter sølv?

» Geografi

- Erika Fatland har skrive om eit lands tapte imperium. Kva land?
- Kva heiter hovudstaden i Albania?
- Og Tallinn er hovudstaden i?
- Om du besøkjer verdsarvbyen Angkor Wat, kva land er du då i?
- Og om du vandrar rundt i ein annan ruinby, Petra, då er du i?
- Hurtigruta går mellom kva to byar?
- Kor finn ein Spansketrappa?
- Kva heiter elva som renn gjennom Grand Canyon?
- Ligg Brisbane på aust- eller vestkysten av Australia?
- Kva heiter verdas sørlegaste hovudstad?

Svar: Geografi

- Portugal
- Tirana
- Estland
- Kambodsja
- Jordan
- Bergen og Kirkenes
- Roma
- Coloradoelva
- Austkysten
- Wellington, New Zealand



Imponterande byggverk i ruinbyen Petra. Foto: Nora Bogetvedt Jenssen

Svar: Litt av kvart

- Sju
- Hellas
- Venger
- Ein halvnote
- Seks
- Kåre Willoch
- Yoghurt
- Nyrene
- Balsatre
- Gull

Korleis gjekk det?

For dei yngste:

1-10 rette:
Bravo!
Du fortener eit stort
påske-egg



For dei vaksne:

1-10 rette: Null Kvikk Lunsj til deg
11-25 rette: Ein strafferunde rundt heimen, før
appelsin, kaffi og marsipan
26-40 rette: Strålende jobba, i morgen blir
det sol
41-50 rette: Gult belte i quiz. Du fortener ei
ekstra veke påskeferie




Linnea og Mathea Nilsen held kvar sitt lamm. Dei firbeinte er ei dryg veke gamle, men veg allereie så mykje at dei er tunge å halda.



Mora og lamma hennar: Desse to blei født dagen før bildet blei tatt. – Dei får sin eigen bingie i lag med mora, slik at dei får ro til å ta til seg næring, fortel Hege Nilsen.



Oreo er det minste lammet til nå. Han treng ekstra næring, men har heldigvis gode assistenter i Mathea og Linnea, som hjelper mora med å gi ham flaske-mjølk fleire gonger om dagen. Denne flaska ville han ikkje ta imot, mjølka var blitt for kald.



Siste strofe i diktet April av Bjørnstjerne Bjørnson. «Jeg vælger mig April! I den det gamle falder; i den det nye faar fæste; det volder lidt rabalder, – dog fred er ei det bedste, men at man noget vil.» Rabalder blir det også på garden om våren. Henta frå Gullkorn (1888)

Mathea med godt grep om lammet. Saman med tvilling-søster si, hjelper ho mor si med å passa på lamma. Dette foto-glade lammet var omtrent ei veke gamalt då bildet blei tatt.



Linnea held oppe Oreo. Han er lett å halda, men dei håpar at han klarar seg og veks seg stor som dei andre lamma.

Våren er ei magisk tid

Ute kjem alt til liv igjen, og inne i fjøset kjem heilt nye skapningar til verda.

Oda Torbjørnsen

Tunet til Hege Nilsen i Sandsbygda er fylt med liv denne varme vår-ettermiddagen, som i grunn minner meir om slutten av mai enn starten av april.

Vel seg april

Gradestokken visar 15 grader, sola skin, og den held fram med det til langt ut på kvelden. Rundt på tunet spring leikande barn rundt.

Inne i fjøset er det også mykje liv og aktivitet, endå litt meir enn til vanleg. Nå får nemleg sauene hennar lam. Det betyr ein del travle dagar og netter framover. Lamma kjem når det passar dei best, og dermed gjeld det for sauebonden å vera tilgjengeleg til ei kvar tid fram til lemminga er over. Det er ikkje heilt enkelt

når ein også skal vera på jobb, men ho følgjer opp så godt ho kan.

– I pausane på jobb drar eg heim for å sjå om det skjer noko og korleis det går med dei, fortel Nilsen.

Ho viser meir enn gjerne fram dei nye lamma. Det tek ikkje lang tid før dei stablar seg på beina og hoppar rundt i bingen.

– Eg veit ikkje akkurat kva tid dei blei til. Eg slepp berre sauebukken inn til sauene, men eg tar sikte på at dei lemmer kring påske, for då har eg fri og kan vera heime.

Som regel går det bra

Så langt har lemminga gått godt for sauene hennar. Eitt av lamma har rett nok ikkje fått den aller beste starten på livet. Han har fått namnet Oreo og får ikkje heilt til å dia. Han er tynnare enn søskenet sitt og har ikkje like mykje energi som dei andre lamma til til å hoppa omkring i bingen.

Han har berre éin bror, noko som er ideelt, ifølgje

bonden. Det er ikkje alltid heilt enkelt å slå fast kvi-for nokre av lamma blir fødde i litt svakare form enn dei andre.

– For sauene er det best å få to lam i slengen, mens tre kan bli litt mykke, fortel Hege Nilsen. Oreo har fått ein tøff start på livet, men med god hjelp og litt hell kan han klara seg. God hjelp får han frå bonden og tvillingane hennar, Mathea og Linnea, som hjelper til med å gi han flaskemjølk.

Det er ikkje lenge til sauane og lamma deira kan forlate dei trygge bingane og komma ut på graset igjen. I mellomtida skal familien syta for at lemminga går så godt som den berre kan gå.

Merknad: For dei med ekstra interesse for litteraturhistorie, er det verd å merka seg at Bjørnstjerne Bjørnson ikkje valde seg april, men blei tildelt denne månaden i ein dansk kalender (Souvenir) for 1896.



Vårteikn er det mange av i Sidsel sin hage. På denne solrike plassen veks kuleprimula.



– Denne er utruleg god å ha, seier hobby-gartnaren om kompostkverna si. Den lagar enkelt små bitar av store greiner.



Sidsel Økstra på ein av sine mange gode sitjeplassar ute i hagen. – Eg har planar om å laga endå fleire

Velkommen inn i hagen til Sidsel Økstra

I hagen til Sidsel Økstra på Sand byrjar det for alvor å veksa og gro. For kvart år ho dyrkar og steller i hagen, lærer ho noko nytt, og denne sesongen er ikkje noko unntak.

Oda Torbjørnsen

Ein solfylt føremiddag i april er Sidsel Økstra i full gang med å arbeida i hagen. Eit arbeid som ikkje tek slutt, heldigvis.

Har oppdaga vinterdyrkning

Den erfare hobby-gartnaren har nemleg fått tips om noko nytt som ho har testa denne sesongen: vinterdyrkning.

Det er fleire sortar ein fint kan direkteså om vinteren. Då får eg spreidd arbeidet utover, og det blir mindre hektisk når våren kjem. Det er mange sortar som fint toler å bli sett i jorda mens det framleis er snø og frost. Gulrot, til

dømes.

Men ein må framleis passa på temperaturen. Det er viktig at det ikkje blir for varmt for fort for vekstene. Dei skal veksa sakte og bli sterke.

Drivhusets glede

Inne i drivhuset til Sidsel er det plass til både menneske og planter. På golvet nå står det nokre små vekster i plastkasse som berre så vidt har byrja å spirra. Her gror det forskjellige typar salat, og i drivhuset får dei mykje sollys og varme.

Men det må ikkje bli for varmt, det er veldig viktig. Drivhuset har ei automatisk hydraulisk luke som opnar seg når temperaturen blir for høg.

Tang i jorda og rabarbra på bordet

Vintersåing er ikkje det einaste trikset ho har i ermet. Ho viser fram eit lite hjørne av hagen sin. Her står det to mørke plastbokser. Under dei veks det rabarbra som ikkje skal etast til sankthans, men om nokre skarve veker. Dei dreg nytte av litt høgare temperatur inne i boksen enn utanfor. Noko anna



Desse vakre tulipanane pyntar opp i drivhuset til Sidsel. – Du kan godt setja tulipanar i kjøleskapet, då held dei seg fine lengre, forklarar ho.


hobby-gartnaren har lært opp gjennom åra, er å flytta på dei ulike plantane ho dyrkar, slik at jorda heile tida kan få tilført ny næring, utan å måtta bruka kunstgjødsel. Dessutan har ho

ordna seg med ein varmkompostbinge.

Her kan temperaturen bli så høg som 60 grader, og du kan putta nesten kva som helst i den. For å passa på at jorda der plantane hennar veks ikkje blir næ-



Med desse kassane kan Sidsel dyrka litt av kvart, og ho roterer på kva som blir dyrka i dei ulike kassane. Dei to kassane til høgre i bildet, fungerer godt som minidrivhus.



Boksen skapar eit varmare miljø for rabarbraplanten, som kan bli hausta lenge før sommaren kjem.



Det aller meste av organisk avfall kan bli til jord i ein varmkompostbinge. – Når det blir skikkeleg varmt, kryp marken opp mot lokket, og så heng dei frå loket når eg løftar på det.



Sidsel Økstra har ikkje den største hagen i Suldal. – Ein treng ikke veldig stor plass for å dyrka ganske mykje forskjellig, seier ho. Til venstre i bildet er varmkompostbingen som gjer jord av matavfall. Til høgre er ein av fleire sitteplassar ho har etablert i hagen.



Drivhuset sette me på ein del av verandaen me aldri brukte. – Det fine med at drivhuset står over bakken, er at sniglane ikkje finn vegen dit.



Det spirer og det gror inne i drivhuset.

Me utfordra vår tidlegare språkpraktikant, Denys Huznov, til å skriva om påsketradisjonane i Ukraina og slik han har lært dei å kjenna i Norge.

Påske i Ukraina og Norge - t



Svitlana Yalovets håper å glede og inspirera med kunsten og illustrasjonane sine. Framover skal ho ha arbeids- og språkpraksis i Suldalsposten til glede for spaltene og leserane våre.



Finn inspirasjon i både ukrainsk kultur o

Svitlana Yalovets er nyutdanna grafisk illustratør og framover skal ho ha arbeids- og språkpraksis i lokalavisa.

Esther Moe

Ho er nettopp i gang og ryk rett på. I denne e-utgåva av avisas har ho illustrert teksten vår tidlegare

språkpraktikant Denys Huznov har skrive for avis om forskjellane på påsketradisjonane i Norge og Ukraina.

Også framover får me gledea av å ha Svitlana sine kunstnariske talent i våre spalter.

Vil inspirera og gleda

- Kunst har alltid vore ein stor del av livet mitt, eg brenn for å skapa visuelle historier gjennom kunst og design fortel den rykande ferske illustratøren. Ho

to ulike verder, same høgtid



Påska er ei av dei viktigaste høgtidene både i Ukraina og Norge, men måten den blir feira på, kunne knapt vere meir forskjellig.

Faste og heilage ritual versus hyttetur og krim

I Ukraina er det kyrkjetradisjonar, lange fasteperiodar og heilage ritual, medan påska i Norge handlar om hyttetur, sjokoladeegg og påskekrim. Men på trass av desse skilnadene, har feiringane også nokre fellestrekks – ei tid for samhald, refleksjon og feiring av nytt liv.

Ukrainsk påske:

Faste, velsigning og lange køar ved kyrkja

I Ukraina startar førebuinga til påska lenge før sjølv feiringa. Den store fasten, som varer i 40 dagar, er ein viktig del av påsketida for mange. I denne perioden avstår ein frå kjøt, mjølkeprodukt og ofte egg, og mange prøver å leve meir audmjukt og reinsande, både fysisk og åndeleg.

Men den verkeleg store hendinga kjem på påskeaftan. Frå tidleg på kvelden og heilt til morgongry, kan ein sjå kilometerlange køar av folk som ventar utanfor kyrkja for å velsigna mat og vatn. Det er ei magisk stemning – folk står med tente ljós, praten går lågt, og lukta av røyken fra stearinlysa, blandar seg med den friske nattelufta.

I hendene held dei påskekorger – vakre fletta korger fylt med mat som skal velsignast av presten. Typiske produkt i korga er:

- » Paska – eit søtt og luftig påskebrød med glasur, ofte pynta med religiøse symbol.
- » Pysanka – kunstferdig dekorerte egg, som symboliserer liv og oppstode.
- » Kovbasa – heimelaga pølse.
- » Salo – spekefeitt, ein klassisk delikatesse i ukrainsk matkultur.
- » Ostar og smør – for å markere slutten på fasten.
- » Salt og pepar – symbol på visdom og velstand.

Når presten kjem ut, byrjar han å gå langs køa, sprutar viefatn over folk og mat, medan dei seier "Christos voskres!" ("Kristus er oppstaden!"). Folk svarar i kor "Voistinu voskres!" ("Ja, sanneleg oppstaden!"), og nokre gonger får nokon ein ekstra stor dusj viefatn – til stor latter frå dei rundt.

Når klokken ringer inn påskemorgonen, er fasten offisielt broten, og eit stor festmåltid ventar heime. Påskefrukosten byrjar alltid med velsigna mat, og familien samlar seg rundt bordet for å dela glede over høgtida.

Norsk påske:

Ski, sjokoladeegg og påskekrim

I Norge er påska mykje meir avslappa. Her er det ingen faste, ingen kilometerlange kyrkjekørar og ingen mat som må velsignast før ein kan eta den. I staden er påska først og fremst ei tid for hytteturar, skigåing og familiehygge.

For mange nordmenn er påskefjellet nesten heilagt. Frå skjærtorsdag til andre påskedag, valfartar tusenvis av folk til hyttene sine for å nyta frisk luft, sol og snø. Det er lite som slår ein skitur i fjellet, ein kopp kakao på terrassen og ei pause med Kvik Lunsj og appelsin – dei uoffisielle symbola på norsk påske.

Ein annan, unik norsk tradisjon er påskekrim. I

Norge hører det til påska å lesa kriminalromanar, eller sjå spennande mysterium på TV. Kvifor? Ingen veit heilt sikkert, men nokon meiner at det starta med ein reklamekampanje på 1920-talet, som tilfeldigvis blei ein suksess.

Mat – kva godt i påska?

Påskematen er også eit område der Ukraina og Norge skil seg mykje frå kvarandre.

I Ukraina er det tradisjonelle påskebordet fylt med paska, pysanka, borsch, kålrullar, heimelaga pøller og søte bakverk. Etter lang faste, vil folk ha noko ekstra godt, og borda er fulle av smakfulle rettar som feirar slutten på ei religiøs reise.

I Norge handlar påskematen om noko heilt anna. Lammelår med rotgrønsaker og fløytesaus er den mest populære påskeretten, medan egg og kaviar er fast inventar på frukostbordet. Men det viktigaste for mange nordmenn, er sjokoladeegg, Kvik Lunsj og appelsiner, spesielt når dei er på fjellet.

Fridagar: Kven har lengst påske?

I Ukraina varer påska vanlegvis i tre dagar – søndag, mandag og ofte tysdag, avhengig av regionen. I denne perioden har dei fleste fri, og feiringa held fram med familie og venner.

I Norge er påska nesten som ein liten ferie i seg sjølv, med fri frå skjærtorsdag til andre påskedag. Mange reiser bort heile veka, noko som gjer påska til den lengste samanhengende ferien i året for mange nordmenn.

To feiringar – ein felles bodskap

Sjølv om tradisjonane er forskjellige, er bodskapen bak påska den same i både Ukraina og Norge: håp, lys og ei ny byrjing.

For ukrainarar er påska ei tid for tru, refleksjon og sterke tradisjonar som har gått i arv i generasjonar. For nordmenn handlar den om fridom, natur og det å nyta tida med dei ein er glad i.

Men uansett om du feirar påska med paska og pysanka, eller Kvik Lunsj og lammelår, så er det ei tid for å vera saman, minnast gamle skikkar og sjå framover mot lysare dagar.

God påske! З Великоднем!

Tekst: Denys Huznow




og norsk kultur

jobbar med eit breitt spekter av teknikkar og stilars, frå digitale illustrasjonar til tradisjonelle teikningar.

23-åringen kjem altså frå Ukraina og bur på Suldalsosen.

– Å bu i Norge har gitt meg nye perspektiv og moglegeheter til å utvikla meg kreativt. Eg håpar mine verk kan inspirera og bringa glede til folk, seier ho.



Eit yrande liv på kaien framfor Arbeidsskulen på Sand då Ung Husflid har sesongavslutning, og urtekassane skal snikrast ferdig, fyllast og fraktast heim.



Ariana Hussein Aliko og Anton Ulvik Breistein har vore kjappe med å skru saman beredskapskassene sine. Monica Vela instruerer i plantekunsten.



– Sjå alle dei store røtene, seier Anton Ulvik Breistein og viser fram timian-planten. Han fortel at urtekassene har vore det kjekkaste å halda på med, men at han også har laga både påske-egg, juletre og tova englar. Når husflid-sesongen nå er over, er 3. klassingen superklar til å entra fotballbanen og legg til at han også går på skyting.



Sophia Svellingen Berge tek seg ein pust på benken og held dagens bålpanne-ansvarleg Ingfrid Solland med lag. Og benkene dei sit på, har dei sjølv sagt snikra sjølv på Ung Husflid.



Liv Hiim og Alma Tistel Tjøstheim i aksjon. Alma er frå Suldalsosen, og Liv fortel om unge husflidsinteresserte frå både Nesflaten, Erfjord, Ropeidhalvøya og Suldalsosen som tek turen til Sand og Arbeidsskulen for å vera med.
– Eg likar meg her fordi me får vera kreative og laga så mykje fint. Urtekassene og forkleda som me har sydd, har vore det kjekkaste nå i vår, meiner Alma.



Utan vaksne gode hjelparar som stiller opp, blir det ingen Ung Husflid. Denne buketten av kreativitet brukar fritida si år etter år på leggja til rette for barn og ungdom. Frå venstre Anne Brit Åsland, Valbjørg Øvstebø, Ingfrid Solland, og framme Liv Hiim og Monica Vela.



Sophia Svellingen Berge og Ariana Hussein Aliko, som går i 3. klasse på Sand skule, vel seg urter. Dei er litt meir skeptiske til om dei vil eta det dei plantar.

Tekst: Nora Bogetvedt Jenssen

Etter sesongavslutning på Ung Husflid, er nå 25 unge suldøler snart klare til å bidra med smakfulle urter til sommarmaten.

25 beredskapsvenner fekk kassane klare

Det summa godt frå både drillar, barn og vaksne hjelparar på kaien ved Arbeidsskulen på Sand, torsdag ettermiddag.

Godt med gode hjelparar

Det var sesongavslutning, og alle måtte bli ferdige med kassene sine. Langs husveggen stod plastduk, mold, timian, oregano og graslauk og venta på å få plass i dei sjølvsnikra kassene.

Somme av dei unge er sjøvgåande, andre ropar på dei vaksne hjelparane.

- Må me ha av plastikkpottane før me plantar? Ung Husflid-sjef, Monica Vela, svarer tolmodig at potta må av, og urtene må vatnast forsiktig før dei skal bli frakta heim bak i ein bil.

Kreativ tolv-åring

Det er god fyr i bålpannene, og snart skal arbeidara-

ne få servert pølser i brød og saft og kake til dessert.

- Me må stella godt med dei før idretten tek dei, smiler Liv Hiim, ein av dei andre husflids-veteranane som brukar fritida si på å læra den oppveksande generasjonen både tradisjonshandverk og matlagning.

Ung Husflid har halde på i tolv år på Sand og har tilbod for både barn og ungdom. Ei gruppe for dei fra tredje klasse til ungdomsskulen, og ei for ungdomsskule-elevane.



7. klassingen Monja Goa Bråteit frå Suldalsosen har vore med i Ung Husflid sidan ho gjekk i 3.klasse. Det seier alt om trivselen. – Eg trur eg blir ferdig med kassen mi, men då må eg stå på i dag, smiler ho og driller vidar



Mor Xenia Berkova og dotter Elisabeth Berkova Potfaj koser seg med urteplantinga og har alt lagt planar for kva dei skal bruka både graslauken, timianen og oreganoen til.



Frå venstre framme: Youssef A. Alshwikh, Olena Dych, Shireen M. Sirajmohammed, Habeeb K. Habeeb og Helena Moe Høines Frå venstre bak: Adam A. Idriss, Olena Pylypchuk, Yurii Hryhorenko, Olena Hryhorenko og Mykyta Kniazkov.

Vinn-vinn på Kulturhuset



Skal det vera ein kopp arabisk kaffe? Det kan du få servert på Kulturhuset måndag og torsdag.

Det blir eit heilt lite Kinderegg av gode ting når Kulturhuset opnar eit nytt og spennande lunsj-tilbod, og deltakarane på introduksjonsprogrammet både får språk- og arbeidspraksis to dagar i veka.

Nora Bogetvedt Jenssen

Tysdagar og torsdagar, i første omgang fram til sommaren, kan beskjedne på Kulturhuset venta seg både borsj, kålrullar, linsesuppe, tabbouleh-salat og andre internasjonale rettar på lunsjmenyen.

Learning by doing

Det norske innslaget, kan vera vaflar til kaffien. Kaffien er av den norske varianten eller den meir eksotiske arabiske, med litt meir drag i. Flyktingkonsulent i Suldal kommune, Helena Moe Høines, smiler breitt, ler litt og fortel.

– Me starta 3. mars, og dette blir learning by doing; det er vårt konsept.

Moe Høines sin første jobb då ho kom til Suldal i 2011, var hos Terje Bjørndal, som då dreiv kafeen på Kulturhuset. Så heilt uerfaren i kafébransjen er ho ikkje.

Kulturkafé to dagar i veka

Kulturhuset og Introsenteret hadde samanfallande

behov, og då blei det lett å tenkja seg eit samarbeid. Denne dagen er det flest frå Ukraina og Syria som er her og vil visa fram Kulturkafeen. Den første månaden har gått med til å få rutinane på plass og å testa ut ulike rettar til menyen.

– Her får dei både språk- og arbeidstrening, i tillegg til at dei lærar korleis norsk arbeidsliv fungerer. Me har ope kvar tysdag og torsdag til lunsj, og på sikt er håpet å utvida opningstidene og å kunna servera på ulike arrangement også. Kanskje kan det bli språkkafé eller andre kulturarrangement på kveldstid eller i helger, med tida. Dette er iallfall vinn-vinn, håpar me.

Ulike oppgåver

Moe Høines ser føre seg at både deltakarar på introduksjonsprogrammet og kandidatar frå NAV kan vera i praksis, i tillegg til morsmålsassistentar, og at dei rullerer på oppgåvene. Somme er gode på kjøkkenet, andre skal jobba i kassen, med grafisk utarbeidning av menyar, marknadsføring og sosiale medium, og alle får sjølv sagt trenar seg på å snakka norsk med kundane som kjem.

Flott å bli kjende med suldølen

Rundt bordet i kafeen sit heile gjengen og ventar på å få seia sitt om den nye kulturkafeen. Dei gir alle uttrykk for at det å vera del av eit prosjekt er kjekt, og at denne måten å læra seg eit nytt språk på er bra. Youssef Ahmad, ein syrer som har jobba mange år i Ukraina, nemner også det å bli kjent med andre enn



Shirin Mohammed likar godt å laga mat. Her er det dagens lunsj, den friske, syriske salaten tabbouleh, som skal ut til ein kunde.



Her har dei diskat opp med golubtsi som er fylte kålblader. Retten stammar frå øst Europa/Ukraina.

dei frå heimlandet, som eit stort pluss. Tre av dei vil fortelja litt meir.

Youssef, kokk frå Erfjord

Youssef Ahmad, som nå bur i Erfjord, er kokk. Han har drive sin eigen kafe i Ukraina i elleve år og er den i gruppa med mest erfaring når det gjeld serveringsbiten. Han drøymer om å grilla kjøt til kebab ute i amfiet på Kulturhuset ein fin sommardag. I Suldal et han mykje fisk, og eplesuppe er noko av det beste kokken har fått servert så langt i sitt nye land.

Nikita har oppdagat brunosten

Nikita Kniazkov frå Ukraina studerte fransk og filologi i heimlandet før han flykta, og han har erfaring frå ekstrajobb som servitør i studietida. I Suldal er han busett på Sand, og her fekk han smaka taco for første gong. Det er nå blitt den store favoritten. Ein annan vinnar i matvegen, er skjeve med brunost.

Shirin er sjef i heimen

Vaffel-eksperten blant dei er Shirin Mohammad frå Syria. På spørsmål om tidlegare yrke svarer ho smilande: sjef i heimen. Ho har laga mykje mat til storfamilien heime og å laga mat, er ho noko ho er glad i. Den største gledelege overraskinga når det gjeld mat i Norge, er vaffel-oppdaginga.



Nikita, Shirin og Youssef bur nā i Suldal og to dagar i veke kan ein nā treffa dei på Kulturhuset der dei har arbeids- og språktrening.



Det er Siv R. Speth som har trylla fram desse lekre appelsinbrøda, og her får du oppskrifta på eit bakverk som seier sol og påske.

Solskinsbakverk

Bakekunstnar Siv R. Speth deler raust frå kjøkkenbenken på Sand, her er oppskrifta på eit lekkert brød som formeleg hentar sollyset inn.

Esther Moe

Oppskrifta på appelsinbrødet er som følger:

50 gram gjær som du rører ut i
1 liter handpressa appelsinsaft og ta gjerne med litt av fruktkjøtet (til den mengda går det rundt ti appelsinar)

1,5 dl soya- eller rapsolje
1,5 dl sukker

2-2,5 liter kveitemjøl som du eltar godt inn i kjøkkenmaskin, og den kan gjerne gå i 15-20 minutt
Deigen skal vera vera lett og litt klisset, men ikkje for fast

Lat deigen heva til dobbelt størrelse.

Siv plar dela deigen i to og la den eine delen bli eitt brød, mens den andre delen blir trilla ut til fleire mindre brød



Pensle grytebrødet med eggeplomme, ha det i ei eldfast form eller gryte som er smurt inn med olje og dryssa med litt kveitemjøl. I denne bakerunden har Siv trilla ut 25 småbrød som også har fått eit strøk med eggeplomme og somme av dei har også fått eit dryss med raspa mozarellaost på toppen. Etterhev herlegeheitene i 30 minutt og steik dei til dei er gyldne og fine. Både grytebrød og småbrød skal steikast på 220 grader.

Nam!, melder bakaren på Haugen på Sand som kan fortelja at heile kjøkkenet luktar appelsin når desse godsakene blir til.

Ingrediensar

50 g	gjær
10 stk	appelsinar
1,5 dl	soya- eller rapsolje
1,5 dl	sukker
2-2,5 l	kveitemjøl





Skattkammeret
Suldal

Påske i Suldal

11.-21. april

«Farvel du moder Norge»

Kulturhuset i Suldal.

Palmelaurdag 12/4 kl. 18:00.

Syngespel om utvandringa til Amerika med Gullgutane. Les meir på suldal.kulturhus.no.

Nyopning på Hebnes vingard

Hebnes vingard, Hebnes.

Palmelaurdag 12/4 kl. 12-15:00.

Rusle rundt i den nyrestaurerte vinstova og besøk gardsbutikken. Les meir på hebnesvingard.no.

Påskebasar med andakt

Jøsenfjorden bedehus.

Skjærtorsdag 17/4 kl. 18:00.

Påskequiz og spelemann Jim Jackobsen

Ryfylke Fjordhotell, Sand sentrum.

Skjærtorsdag 17/4 kl. 20:00.

Inntil 6 personar per lag og 20-års aldersgrense. Påmelding til: booking@ryfylkefjordhotell.no. Pris kr. 200,- per person for quizkveld og inngang til trubadurkveld. Betaling ved ankomst. Les meir på ryfylkefjordhotell.no.

Påskequiz og kveldsmat

Hebnes vingard, Hebnes.

Påskeaftan laurdag 19/4 kl. 18:00.

Meld på laget ditt! Bindande påmelding til: booking@hebnesvingard.no eller 98221410. Aldersgrense: 18 år. Pris kr. 300,- per person, inkludert mat. 2-6 personar per lag. Frist for påmelding: 31. mars. Les meir på hebnesvingard.no.

Quiz og påskefest med trubadur Rune Nilsen

Sjøhuset, Sand sentrum.

Påskeaftan 19/4 frå kl. 18:00.

Dørene opnar kl. 18:00. Quiz kl. 18:30-20:30. 4-6 personar per lag. Aldergrense: 18 år. Pris kr. 300,- per person.

Påskemeny hjå KULP

Kulp, Garaneset.

Palmesøndag 13/4: Heimelaga viltgryte
Tysdag 15/4: Kulp sin populære laks.
Onsdag 16/4: Baconsnurra kyllingfilet.
Skjærtorsdag 17/4: Kulp sin komle meny.
Fredag 18/4: Biffburgere
Påskeaftan 19/4: Pizza
Søndag 20/4: Urtemarienert lammesteik.
Les meir på kulp.as.

Påska hjå Suldal Bad

Eide, Sand.

Tysdag 15. april-1. påskedag 20. april:
Ope kl. 12:00-18:00.
2. påskedag: Stengt.
Les meir på suldal-bad.no.

Gudstenester i påska

Palmesøndag 13/4:

Familiegudsteneste i Nesflaten kapell kl. 11:00.

Familiegudsteneste i Marvik kapell kl. 17:00

Skjærtorsdag 17/4:

Gullingenshuset kl. 11:00.

Erfjord kyrkje kl. 19:00.

Langfredag 18/4:

Sand kyrkje kl. 19:00.

Påskennatt 20/4:

Suldal kyrkje kl. 22:00.

Påskedag 20/4:

Sand kyrkje kl. 09:00.

Jelsa kyrkje kl. 11:00.

Les meir på suldal.kyrkja.no.

Tur-ski-orientering

Suldal O-lag.

Ta med familien og finn 40 tur-O-postar i området under Gullingens! Kart får du på Gullingens skisenter, Extra Suldal, Joker Suldalosjen og Suldal turistinformasjon. Gratis. Les meir på suldal-o-lag.no.

Påske på Jelsa Hotell

Søndagsmiddag:

Palmesøndag 13/4 kl. 13:00. Bordbestilling innan 12. april.

Påskequiz, pub og pizza:

Langfredag 18/4 kl. 19:00-24:00. Påmelding av lag (maks 6 stk) innan 17. april kl. 20:00.

Søndagsmiddag:

1. påskedag 20/4 kl. 13:00. Bordbestilling innan 19. april.

Bestilling på telefon: 40442846 eller post@jelsahotell.no.

Påskehandel i kommunesenteret Sand

Måndag-onsdag: kl. 09:00-16:00.

Palmelaurdag 13/4 og Påskeaftan: 19/4:

kl. 10:00-15:00.

Eigne opningstider for daglegvare, bensinstasjoner og serveringssteder. Les meir på handelsand.no.



Meir informasjon om overnattingsstader, opplevelingar og aktivitetar i Suldal finn du på Suldal turistinformasjon, visitsuldal.no og i Visit Suldal-appen. Du får tak i appen ved å søke etter «Visit Suldal» der du lastar ned dine appar.

Monte Design



Meir informasjon om påska i Suldal finn du på nettsida visitsuldal.no.



Brekraftig
Reisemål

visitsuldal.no #visitsuldal

Suldal

Ryfylke Fjordhotell

Foto: Øystein Oterdalen

Jim Jacobsen!

Påskequiz og Trubadurkveld

med Jim Jacobsen

Skjærtorsdag 17. april, kl. 20.00

C.C. 200,- pr. deltager
Maks 6 personer pr. lag
20-års aldersgrense
Påmelding til booking@ryfylkefjordhotell.no



- Grunnarbeid på tomt og veg
- Muring
- Boring og sprenging
- Containertransport



...me finne nok ei løysing...

post@olafisketjon.no • tlf. 52 79 91 86 • www.olafisketjon.no

Ivar Haugen

Vandreutstilling
Ivar Haugen
Kulturhuset i Suldal
Laurdag 12.april, kl.13.00
Musikkinnslag
Loddsal
Velkommen

Utstillinga kan sjåast t.o.m. 4.mai.

RYFYLKE KUNSTLAG | **Ryfylke** | **NORSKE KUNSTFEDRERINGER** | **Suldal kunstlag** | **KULTURHUSET i Suldal**

Neste eAvis: 23. april

Opningstider i påsken

Mån - ons kl. 08.00 - 15.30
Skjærtorsdag stengt
Langfredag stengt
Andre påskedag stengt



Vi kobler deg på mens du kobler av!



Sliter du med internett, wifi eller TV?

Opplever du utfordringer med å koble deg til internett?

Oppfører TV-en seg rart?

Eller gjør teknologien hjemme deg frustrert?

Med tjenesten NettOpp fikser vi det for deg!

Les mer og bestill hjelp hjem til deg på:

hkraft.no/nettopp

eller ring oss på tlf. 987 05 270



VI LEVERER

altibox



GRANBERG GARVERI^{AS}

Bjoavegen 187, 5582 Ølensvåg
52 76 50 00 - www.granberggarveri.no

SKINN TIL FAMILIEN-HUS-HYTTE

GOD PÅSKE!

Godt utvalg i saue-, rein-, geit-, kanin-, ku- og viltkinn etc., nappa-/moccaskinn, lær samt tilbehør til syarbeid i skinn.

BABYPOSE

SAUESKINN

SOVESKINN FOR BABY

REINSDYRSKINN

LÆR

VELKOMMEN TIL VÅRT FABRIKKUTSALG I ØLENESVÅG

Måndag - torsdag 10.00-16.00
Fredag 10.00-17.00
Laurdag 11.00-14.00

Påskeaften stengt

MANGE GODE PÅSKETILBUD!

God påske

LOKALE FAGFOLK

BUSTAD - HYTTE - REHABILITERING PÅBYGG - NÆRINGSBYGG

Kontakt oss
firmapost@kv-bygg.no
52 790 630

NORGESHUS
KV Bygg Suldal AS

Skattkammeret
Suldal

I hjarta av Ryfylke finn du Suldal

– ein stad med levande lokalsamfunn, spanande jobbar og unike opplevingar året rundt. Her kombinerer me kraft frå naturen med krafta i folk - og inviterer deg til å oppdage skattene våre



Her kan du starte dagen i fjellet, ta ein dukkert i Suldal bad, og avslutte kvelden med konsert i kulturhuset. Dette er nokon av skattane me har å by på denne våren:

Suldal bad

Plask og kafè, fleire tilbod står på nettsida

Kulturhuset i Suldal

Sommarutstillinga med Øystein Haga opnar 31. mai
QUEEN konsert med songarlaget og solist Bente Tednes Gjil 13. og 14. juni

Ryfylkedagane

Få med deg Ryfylkefesten på Sand 30. mai -1. juni

Oppdag fleire skattar

Besøk visitsuldal.no for fleire opplevingar i Skattkammeret Suldal



Oppdag skattane våre på: visitsuldal.no - suldal.kulturhus.no - suldal-bad.no

Tilbod

Les Suldalsposten i 5 veker for 5 kr

Månadspris kr 155,- pr. mnd

Inkludert i abonnementet

- Siste nyhende
- E-avis
- Arkiv



Suldalsposten

SERVICEGU

OPTIKAR

Besøk oss for en trygg og god synsundersøkelse

interoptik

Hedegaard

Skulegt. 6 - 4201 Sauda
Telefon: 52 78 39 77

MALING/OPPUSSING

ARBEID UTFØRES

- Sparkling, maling og vasking av hus, inne og ute
- Reingjering av tak og takrenner
- Hagejobbar m.m.

Linas Company
Tlf. 405 96 755

RENOVASJON

- Containerutleie for alle typer avfall 660 ltr. - 35 m³
- Grustransport
- Kraning

**Suldal
Renovasjon as**

GÅSAVIKJA 17, 4230 SAND
Mob.Bengt: 916 29 730
E-post: post@suldalrenovasjon.no
www.suldalrenovasjon.no

ALT INNEN INNVENDIG OG UTVENDIG MALING

• Selger og legger tapet og gulvbelegg

Utleie stripemaskin til fjerning av gamle tepper og belegg



HAGEN
MALER & GULVSERVICE

SULDAL

Kontakt:
Sigita, tlf. 473 33 835
Tore, tlf. 978 20 313

hagenmalergulvservice13@gmail.com

RØYRLEGGJAR

Ryfylke ør a/s

Gåsavikja 9
4230 Sand
post@ryfylkeror.no
Mob. 46 81 48 09

VVS EKSPERTEN



SULDAL VVS

- din lokale rørleggjar i Suldal!

- Kontakt oss på
- 481 00 421
 - post@suldalvvs.no

ELEKTRO/MEKANISK

Ta kontakt med ein av våre lokale elektrikarar!

Tlf 52 76 60 00 • 466 24 449
www.helgevold.com

HELGEVOLD

BLIKKENSLAGAR

SBT

Sauda Blikk & Takservice

- Blikkenslagerarbeid
- Pipehattar
- Tekking tak/terrassar
- Grøvik takrenner

Tlf. 982 96 797
post@saudablikk.no

UIDEN - LOKALE FAGFOLK

REKNESKAP

- Rekneskap
- Rådgiving
- Løn
- Fakturering

Du kan rekna med oss

Suldal Økonomi & Rådgiving AS

Tlf: 465 37 520
post@suldalokonomi.no
suldalokonomi.no

SpareBank 1 SØR-NORGE

Forretningspartner

Regnskap og rådgivning

Tlf. 414 48 627 / 476 61 000
leif.loland@sr-bank-fp.no

BYGG OG ANLEGG

Byggefirma Øyvind Kjetilstad

- Nybygg
- Påbygg
- Rehabilitering
- Reparasjoner
- Hytter

Mob. 90 77 50 27
4237 Suldalsosen

NORGESHUS KV Bygg Suldal AS

Me kan byggja huset eller hytta di!
Kom innom oss på Garanaset,
så tek me ein prat!

Tlf. 52 79 06 30
firmapost@kv-bygg.no
www.kv-bygg.no

- TRELAST
- BYGGEVARER
- NYBYGG
- REHABILITERING

HEBNES TRE AS

Hebnes, 4235 Hebnes,
Tel: 52 79 56 33, Fax: 52 79 56 77
firmapost@hebnestre.no
www.hebnestre.no

LH BYGG AS
Tlf. 900 70814
Epost: tor@lhbyggas.no
www.LH Byggas.no

VÅRE TENESTER

- | | |
|--|---------------|
| • Tømrar | • Vaktmeister |
| • Graving | • Transport |
| • Skogsarbeid | • Anna |
| • Utleige personell/maskinar | |
| • Sjølvbetjent utsal frå lager ved Coop Prix/Joker - Suldalsosen | |
| tlf. 400 00 159 | |

SULDAL SERVICE
suldalservice.no

Me leverer der du ønsker!
Alt til ditt prosjekt!
Hjelmeland, tlf. 51 74 11 00
post@xlbyggryfylke.no

SULDAL Hyttebygg
• Hytter • Tomter
• Hus • Rehabilitering
Tlf. 52 79 63 00
post@suldal-hyttebygg.no
www.suldal-hyttebygg.no

→ GRAVING → BORING
→ SPRENGING → TRANSPORT
Kan også hjelpe med:
- Flytting med maskinsæm
- Hoppetusse, frå 70 til 500 kg
- Utleige av kompressor og boreutstyr
Klungtveit Maskin AS
4230 Sand, tlf. 98 23 51 42
sigve@klungtveitmakin.no

GRAVING/TRANSPORT

PER KVÆSTAD AS
4230 Sand
GRAVING - TRANSPORT
Tlf. 900 34 137

GRAVING OG TRANSPORT

John Ørjan Tveit

41 42 40 73

john.orjan.tveit@gmail.com

Brødrene Selvik
Graving og betongarbeid, grus og massar
Tlf 52 78 54 00 - www.brselvik.no

Ola Fisketjøn AS
4237 Suldalsosen
Tlf. 52 79 91 86
www.olafisketjon.no
post@olafisketjon.no

→ GRAVING → BORING
→ SPRENGING → TRANSPORT
Kan også hjelpe med:
- Flytting med maskinsæm
- Hoppetusse, frå 70 til 500 kg
- Utleige av kompressor og boreutstyr
Klungtveit Maskin AS
4230 Sand, tlf. 98 23 51 42
sigve@klungtveitmakin.no

BILVERKSTAD

MECA
Suldal Billag Service AS
• EU-kontroll og service
• Reparasjoner
• AC service • Dekk/hjul
PERSONBIL, LASTEBIL OG BOBIL
Tlf. 52 79 45 02 - Suldalsosen

Skade på bilen?
Me takserer og reparerer!
post@suldal-billakring.no
tlf. 99 55 77 99

Kjempeutval i nye og brukte deler

RAGN S SELLS
Autopart

Åpent: Man.-fre. 08-16
5505 SANDEID - Tlf. 52 78 66 50
san@rsautopart.no

Mekonomen
Bilverksted

- EU-kontroll?
- Reparasjoner eller service?

Kom til oss med bilen din!

Ryfylke Autosenter AS
Garaneset, 4230 SAND
Tlf. 52 79 74 45

VARMEPUMPE

VARMEPUMPE-LEVERANDØR I RYFYLKE
Salg, service og montasje
10 års erfaring

VESTBØ INNEKLIMA
tlf. 905 21 675
post@vestbo-inneklima.no

REINHALD/VAKTMEISTER

Leverandør av alle typer
renholdstjenester

TA KONTAKT PÅ

Tlf. 400 36 006
Mobil 954 63 421
e-post: eva@effektivt-renhold.no
for nærmere informasjon

EFFEKTIKT RENHOLD

BETONGARBEID

- BETONGARBEID
- FORSKALING
- STØYP

Jansen Betong a.s.
4130 Hjelmeland
Tlf. 909 21 446

MEDIE/KOMMUNIKASJON

- Grafiske tenester
- Laminering
- Sal av bilet
- Gravferdsprogram
- Passfoto
- Språkvask

Suldalsposten
Tlf. 40 20 42 42
annone@suldalsposten.no

Ønskjer du å annonsera her?

Ring 40 20 42 42 eller send e-post
til annone@suldalsposten.no

www.statkraft.no

Open dag på Statkraft

Bli med og feir at konsesjonen
for Ulla Førre er 50 år.


Laurdag 26. april i
Prestavika kl 12.00 - 16.00

- Mange kjekke aktivitetar for store og små
- Guida busstur til Hylen kraftstasjon med mini konsert med Amelie Aldner og Webjørn Sæter
- Offisiell opning av vannleikepark
- Gratis grillmat og kake/is
- Innslag av ordførar Mads Drange og regiondirektøren i Statkraft Svein Ilstad

Velkommen

Parkering: Samfunnhuset / Kyrkja / Bedehuset/ Vinjar skule

Vinn
helikopter-
tur!



Alle våre gjenvinningsstasjoner har stengt fra kl. 11.30 onsdag 16. april, skjærtorsdag, langfredag og 2. påskedag. Vanlig åpningstid på påskeaften.

Vi ønsker alle en riktig god påske!

I-V-A-R | RENOVASJON RYFYLKE

TRYGG RV 13 gjennom SULDAL!

Invitasjon til planleggingsmøte for valkampen til hausten

Kulturhuset i Suldal, 7. mai kl 19.00

Me ønskjer å få i gong eit møte for å planlegga eit eller fleire valkampmøte til hausten og ønskjer fleire til å bidra og komme med innspel. Både lag, organisasjoner og enkeltpersonar er velkomen til å møte opp med forslag til tema og gjennomføringsmåte.

Har du spørsmål, ta kontakt med Hadle på mob. 932 68 776

Velkommen!

Nasjonalforenningen for folkehelsen

Mange bekymringer kan raskt bli færre. Snakk med våre fagfolk om hjerte- og karsykdommer.

Ring Hjertelinjen
23 12 00 50

Chat med oss på nasjonalforeningen.no/hjerte

ARBEID UTFØRES

- Oppsetting av terrasse - fast pris.
- Vasking og maling av hus - fast pris.


Ta kontakt på tlf. 995 49 458

Vil du annonsera her?

Kontakt
annonse@suldalsaposten.no
Tlf 40 20 42 42

Få med deg siste nytt!

Vil du ha siste suldalsnytt når det skjer, må du lasta ned appen vår og skru på varslingar



INNSENDT

Minneord

Johan Sigmunn Hebnes er død



Bilde av Johann Sigmunn Hebnes

Sigmunn ble født hjemme i huset på Hebnes i 1945. Han var sønn av Ingeborg og Ingebrigt Hebnes. Sigmunn vokste opp i bygda ytterst på Røpeidhalvøya og er yngst av søsknene Jan Karsten, Holgeir og Ingunn.

Etter folkekolen gikk han på framhalskolen på bedehuset i Kjølvik og realskolen på Sand. Han gikk på Hetland Gymnas i Stavanger og bodde på hybel hos nær slekt i Steingaten. Senere kom militærtjeneste i saniteten på Lahaugmoen med befalsutdanning. På lærerskolen i Stavanger møtte han Bjørg Sellevoll. De giftet seg i 1972 og fikk tre døtre. Som nyuttannede slo Sigmunn og Bjørg seg ned på Hebnes, som lærere ved Marvik skole.

Mistet storebror i skipsforlis

I 1973 mistet Sigmunn storebror Hol-

geir i et skipsforlis i Atlanterhavet, en hendelse som preget ham sterkt. Han brukte mye tid på å forstå hva som hadde skjedd og var senere delaktig i å få lagd en radiodokumentar om forliset.

Sigmunn hadde interesse for journalistikk og reiste til Volda i 1974 for videre utdanning.

Sigmunn var eventyrlisten, og selv om kjærligheten til Hebnes var stor, ville han videre til nye opplevelser. I 1975 fikk han jobb som nyhetsoppsleser i NRK. Der markerte han seg med sin gode nynorsk og tydelige kommentatorstemme.

Uredd, handlekraftig og omsorgsfull

Han var reporter, programleder og vaktsjef i Dagsnytt. Han ble redaksjonsleder i magasiner som Atten tretti (nå Dagsnytt 18) og Ukeslutt. Han hadde en sentral funksjon som sjef for Radiosporten under OL på Lillehammer i 1994. Han hadde direkte rapporteringer i NRK fra Alexander Kielland ulykken i 1980 og da kong Olav døde i 1991.

I 1983 fikk Sigmunn muligheten til å jobbe i Pakistan for Flyktningrådet. Familien ble med til Pakistan der de bodde i to år. Sigmunn deltok i ledelsen av hjelpearbeidet for afghanske flyktninger i Peshawar. Oppholdet ble en periode som tydelig viste at Sigmunn var uredd og handlekraftig, samtidig som han hadde omsorg for mennesker i nød.

TV 2-karrieren

I 1995 begynte han som redaksjonssjef i nyhetene i TV 2. Han var en viktig og avholdt leder i redaksjonen. Han var alltid faglig trygg, med høy integri-

tet, sunn vurderingsevne og moralsk kompass. Et av hans ansvarsområder i TV 2 var å ta seg av praktikanter og nyansatte journalister. For nykommerne var Sigmunn en trygg havn. Han sørget også for et godt samarbeid mellom NRK og TV 2 om store fellesprosjekter.

Helt til det siste fulgte Sigmunn med på nyhetene i NRK og TV 2 og sendte tekstmeldinger med ris og ros til sjefer og reportere. Han sluttet aldri å bry seg.

Etter at Sigmunn gikk av med pensjon, tilbrakte han en periode i Liberia på oppdrag for Plan International Norge.

Pådriver for Torstein-bauta

Noen av de viktigste interessene hans var Ryfylke, slekt og lokalhistorie, spesielt vikingtiden og arkeologiske funn. Dette vises igjen i Torsteinbautaen på Hebnes kai der Sigmunn hadde ideen og var pådriver.

Sigmunn slo seg ikke til ro med pensjonisttilværelsen, men engasjerte seg aktivt i Røde Kors. I tillegg bidro han som frivillig for chat-tjenesten «Kors på halsen», der han fant stor mening i å støtte barn og ungdom som hadde det vanskelig.

Selv om Sigmunn hadde karriere med innholdsrike stillinger, var han en god og omsorgsfull familiefar og morfar som alltid stilte opp.

Sigmunn var nynorskmann på sin hals, og for ham var nynorsk det vakreste skriftspråket. Fra tid til annen skrev han leserinnlegg, spesielt der Ryfylke og Suldal var tema.

“Him te Hibnes”

Selv om han bodde mesteparten av

sitt liv på Østlandet, var han vestlendingen som alltid lengtet hjem. Han kunne ikke vente med å reise «him te Hibnes». Han glede seg til å fiske med garn, se til plommene, male husvegger, klippe plen og samtidig gi alle som kom innom sin fulle oppmerksomhet – alt på én og samme dag.

I 2019 startet utfordringene med helsa. Til tross for sykdom og behandling var Sigmunn positiv og sikker på at han ville bli frisk. Han døde fredag den 20. mars på Kalnes sykehus.

Stort savn

Sigmunn ble lagt merke til, og han hadde en unik evne til å få andre til å føle seg sett og hørt. Savnet etter Sigmunn er stort, og han etterlater et tomrom i livene til mange. Med sitt gode humør og sin store omsorg gjorde Sigmunn verden litt bedre for alle rundt seg.

Hebnes blir ikke det samme stedet uten Sigmunn. Men bautaen står fortsatt høyreist på kaien som godt minne om både Torstein og Johan Sigmunn Hebnes.

John Hebnes

Sandnes

Sigmunn Hebnes ble begravd fra Vestby kirke 1. april. Det arrangeres et lokalt minnetreff på Kjølvikstølen onsdag 16. april klokka 13 der alle som kjente Sigmunn er velkomne. Påmelding via facebooksiden "Oss på Røpeidhalvøya" eller på telefon 48116734.

Heimebane-heider til Svein Øystein Berge

Tidlegare i år fekk Svein Øystein Berge NFF Rogalandshonorære leiarstipend. Nå heidrar også hans eigen klubb, Suldal IL, alt det frivilige arbeidet han har lagt ned i klubben opp gjennom åra.

Oda Torbjørnsen

Berge er svært takksam for at innsatsen hans har blitt lagt merke til. Prisen får han nå, når han gir seg med offisielle verv i klubben.

- Fotballen har betydd mykje for oss

- Det er veldig kjekt å sjå at det blir sett pris på, seier ein litt overvelta fotballentusiast. Det er nemleg berre månader sidan han mottok heiders-

pris fra Norges Fotballforbund.

- Å bli lagt merke til og sett pris på utanfor Suldal, var ei spesiell opplevelse, seier han.

Det er ikkje få timer som har gått med til fotballklubben, og han har hatt allsidige roller.

- Eg har vore spelar, trenar og dommar, og nå har eg barn og barnebarn som spelar i klubben. Fotballen har betydd mykje for oss opp gjennom åra.

Arbeidet har bore frukter

- Det er kjekt å ha vore med å bygja opp ein klubb som nå har voldsom oppslutning blant elevane på Vinjar og på ungdomsskulen. Me har vore heldige med å få engasjerte folk til å driva klubben. Arbeidet som er blitt lagt ned, ber frukter, seier han.

Sjølv om Berge nå takkar for seg i det offisielle klubbarbeidet, blir han

ikkje noko sjeldant syn i Prestavikjo.

- Eg er framleis medlem i idrettslaget, eg kjem framleis til å dømma kampar og stilla på dugnad, slår han fast.

Får Kalvig-måleri

Suldal IL skriv at årsmøtet ønskete å heidra Svein Øystein Berge med pris for lang teneste for Suldal idrettslag etter at han nå har gitt seg med offisielle verv i fotballgruppa. Grunngivinga deira er den same som då Berge tidlegare i år mottok NFF Rogalandshonorære leiarstipend.

- Prisen er eit måleri av Ellen Kalvig som me håpar han kan finna ein god plass til, anten i stova på Hagane, eller på den nye hytta på Strandalandet han nå får meir tid til å jobba og slappa av med, skriv dei.



Fotball-veteran Svein Øystein Berge har nå fått heider både frå fjern og nært, men er på ingen måte ferdig med å stilla opp for klubben. Arkivfoto: Esther Moe.

Slik blir turfavoritten til: 2700 tonn påskestemning

Då Kvikk Lunsj kom i 1937, vart han raskt ein turfavoritt. I dag blir sjokoladen like gjerne inntekte utan ski på beina. Somme et han til og med til frukost – kvar dag.

Heidi Molstad Andresen

Nynorsk Pressekontor

Påskesol, musikken til fjellvitreglane i bakgrunnen. Nærbilete av ei hand på veg ned i brystlomma på anoraken. Nytt klipp, av handa med ei plate raudde, grøne og gule stripa. Øva fingrar flerrar opp den langsgåande plastsøyten. Klipp til påskesola, zoom inn på sjokoladeplata: Fire blanke, brune stavar med avtrykk av ein afrikansk stork. Eit ørlite knekk, og så, medan musikken blir høgare; nærbilete av munn, og av tennar som treff sjokoladen.

Knas. Kort glimt av tverrsnitt med kjeks og sjokolade, før munnen – og auga med solbrilleskilje – lukkar seg.

Me er truleg mange som assosierer Kvikk Lunsj med ein over snittet stemningsfull reklamefilm på ein over snittet solfylt og stille dag i fjellet. Det blir det kanskje slutt på nå. På Freia-fabrikken på Grünerløkka er i alle fall lydnivået over snittet høgt.

2700 tonn

– For kvart skift kører vi sju tonn.
– Hæ?!

– SJU TONN! AKKURAT NÅ HELDT ME EIN FART PÅ 460 BITAR I MINUTTET!

Børre Aamold løftar på høryselsvernet og nikkar mot samlebandet, der rekkje på rekkje av rykande fersk Kvikk Lunsj susar forbi.

Det stripete eventyret starta allereie i 1937. Den gong skrev dei lunsj med ch, trykte Freia-logoen i gull og reklamerte med at sjokoladen var like næringsrik som to skiver med smør og egg.

I dag, 88 år seinare, ligg Kvikk Lunsj som nummer fem på lista over dei mest elsa merkevarane i Noreg. Heile 98 prosent av oss veit umiddelbart kva stripene i raudt, grønt og gult representerer. I snitt et vi ni plater kvar i året. Samla utgjer det 60 millionar plater a 47 gram – eller 2700 tonn, om du vil:

– Påskevolumet utgjer rundt 40 prosent av heile Kvikk Lunsj-produksjonen. Den er me allereie ferdige med. Dette er berre for å sikra det siste løftet viss butikkane brått skulle koma med større kampanjar, ropar Aamold.

Heilnorsk mjølk

Freia-fabrikken har vore eit landmerke på Grünerløkka i Oslo sidan 1889. Børre Aamold har sjølv allereie vore her i ein mannsalder; også i 1993, då dei vart kjøpt opp og vart ein del av amerikanske Mondelēz International.

Nå er det han som har ansvar for all fabrikklogistikk og råvareinnkjøp. I tillegg til ferdig kakaomasse med bønner fra Vest-Afrika, handlar han særleg tungt i sukker og mjølk.

Totalt går det unna 4000 tonn



Nordmenn har ete Kvikk Lunsj i 88 år. I dag er det ingen andre Freia-sjokoladar som overgår tursjokoladen i talet på selde plater i løpet av eitt år. Foto: Heidi Molstad Andresen / NPK NPK-Heidi Molstad Andresen

tørrmjølk i løpet av eit år til alle dei ulike sjokolademerka som blir laga på fabrikken.

– Me brukar berre norsk mjølk og kjøper rundt 2,5 prosent av all mjølk som blir produsert her i landet. 170 gardar i Trøndelag sel til dømes berre til oss, seier Aamold og blir alvorleg:

– Å bruka utanlandsk mjølk kjem ikkje på tale. Det stod me knallhardt ved, også då det var mjølkemangel i fjor.

Hemmeleg oppskrift

Ved kjeksmaskina, som er det første som møter oss når me kjem inn i det to etasjes store fabrikklokalet, blir det helt inn 700 liter i slengen av ei vaffel-lignande røre.

Nøyaktig kva røra består av, kan ikkje Aamold fortelje, og heller ikkje på kva for temperatur kjeksen blir steikt. Kva for prosent dei stiller inn fuktammeret på etterpå, for at kjeksen skal få det heilt perfekte bitet, er også ein forretningsløyndom. Men at 20 prosent av kvar plate er kjeks, og at dei brukar avkappet frå kjeksen om att, det er offisielt.

Det er i det heile ikkje mange som slepp inn i sjølve produksjonslokalet. Sist gong dei hadde besøk her var i september i fjor. Då var det sjølvaste kronprinsen som fekk omvisning, kan Aamold avsløre, medan han viser veg innover langs samlebandet, som går i sløyfer mellom dei ulike maskinane.

I sjokoladeavdelinga møter kjeksen

temperert sjokolade. Først blir botnen i formene fylt med den tjukke, rennande massen, før det kjem kjeks – og nye lag med sjokolade og kjeks.

Temperaturen under støypinga er kritisk og blir nøyte overvaka: Kjeksen skal ha romtemperatur, sjokoladen rundt 30 grader.

– Er sjokoladen for kald, blir han matt. For varm, og han stivnar ikkje riktig, forklarar Aamold.

Ein for alle

Ei maskin ristar platene for å fjerna luftlommer. Ei anna røntgenfotograferer dei for å sikra at alle fire stavar er på plass og at det ikkje finst framand-lekamar i sjokoladen.

Svisj, svisj, seier det, når platene glir forbi og lèt etter seg ei overveldande, deileg duft. I teorien er det berre å strekka ut handa og fylle magen nå. Det er sjølv sagt ikkje lov. Av hygiene-omsyn er det ikkje lov å eta noko som helst inne i lokalet, seier strenge-Børre, medan han leiar an vidare innover mot emballasjeavdelinga der banda deler seg for innpakningar i ulike storleikar.

Skal dei vera ei einskild plate? 3-pack? 4-pack? Eller ein 6-pack, kanske? Uansett kva du går for, garanterer Aamold at innpakkingsmaterialet er av resirkulert plast. Det var Freia først ute med i Europa, seier han stolt og langar opp trappa til kontoret i andre høgda.

Der vitnar fleire tomme sjokolade-

papir om at det blir jobba hardt.

– Å ete sjokolade er jo ein del av kvalitetsteknologien. Smakar han like godt som i går? Har me temperert rett, eller er det noko gale?, seier Aamold, som allereie har flekka av plasten på ei fersk plate.

Full frukost

Det er ikkje berre han som forsyner seg av varene. Et du ikkje sjokolade på jobb her, gjer du faktisk ikkje jobben din, seier Børre Aamold, og knekk av ein stav.

Det er også lenge sidan folk flest mente dei måtte ha ski på beina for å unne seg ein liten. Kvikk Lunsj er framleis tursjokoladen, men nordmenn går jo på tur heile året – og somme berre frå sjokoladeskuffen på kjøkkenet til sofaen.

Lunsjtid treng det visst heller ikkje vera, forsikrar han:

– Eg et Kvikk Lunsj til frukost kvar dag, eg. Kanskje opptil fleire resten av dagen òg. Det har eg gjort så lenge eg har jobba her.

Fra sidelina blir det muntert opplyst at 100 gram Kvikk Lunsj inneholder 568 kaloriar. Komplimenten om at det ikkje synest på han, prellar raskt av:

– Viss du hadde sett meg då eg starta her for 36 år sidan, hadde du ikkje sagt det. Då vog eg litt over 60 kilo, smiler Børre, mellom ein munnfull med kjeks og sjokolade.

– Sidan har eg vel i snitt gått opp ein kilo i året.

INNSENDT**Kino**

Filmen September 5 skildrar den intense dekninga kor journalistane blir stilt ovanfor dilemmaet om kva som er etisk rett å visa verda under ein global tragedie. Eit intenst og svært godt tysk-produsert drama, ifølgje Eva Bendiksen. Jürgen Olczyk

Filmar på kino til påsken

Det blir barnefilmar på dagtid både mandag, tysdag og onsdag før sjølv påskehelga og her kjem nokre av filmane som går på kino i påsken.

Hundemannen

Bokserien «Hundemannen» til Dav Pilkey er svært populære i biblioteket. No har dei funne vegen til filmen! Og kven er Hundemannen? Jo, han er halvt mann og halvt hund, og han er verdas beste politi. Han gjer alt han kan for at alle

skal kjenna seg trygge i byen. Når kattekurken Petter kjem – ja då er han klar.

Ellevill humor, ingenting som er skummelt og passar for alle.

September 5

Me som har levd ei stund hugsar godt dei dramatiske dagane under München-OL i 1972. Denne hendinga har vore dramatisert til film før, men denne gongen blir me vitne til hendingane frå ei anna side; nemleg journalisten og



Ellevill humor, ingenting som er skummelt og passar for alle, skriv Eva Bendiksen om Hundemannen

tv-selskapa.

Bli med på innsida av ABC Sports TV-studio under dei dramatiske dagane i sommar-OL i 1972. Reportarane held til i den olympiske landsbyen for å vera tett på utøvarane, og blir dermed nærmaste vitne til at den paramilitære gruppa Sort September tek israelske idrettsutøvarar som gislar. Filmen September 5 skildrar den intense dekninga der journalistane blir stilt ovanfor dilemmaet om kva som er etisk rett å visa verda under ein global tragedie.

Eit intenst og svært godt tysk-produsert drama.

Elles blir det barnefilmar på dagtid både mandag, tysdag og onsdag før sjølv påskehelga. Straks etter påsken viser me:

Stoltenberg – Facing War

Ein kritikarrost dokumentar om Stoltenberg sitt siste år som NATO-leiar.



Ein kritikarrost dokumentar om Stoltenberg sitt siste år som NATO-leiar.

Her blir me tatt med inn i dei innerste sirklane i NATO og maktspelet mellom verdsleiarar som Biden, Zelenskyj, Erdogan og Orbán. Vi får eit sjeldant innblikk i diplomati og politikken i ei tid der tryggleik og framtid står på spel, og vi kjem tett på Jens Stoltenberg både privat og som NATO-leiar.

Eva Bendiksen
Kulturhuset i Suldal

Omtale

Ivar Haugen stiller ut i Kulturhuset



Ivar Haugen,
oppavleg frå
Sauda, men
nå busett på
Finnøy.

Ryfylke kunstlag er stolte av å presentera ei ny utstilling med den anerkjende biletkunstnaren Ivar Haugen. Utstillinga kan sjåast på Kulturhuset i Suldal frå 12. april til 4. mai. Dette blir tredje gangen Haugen stiller ut i Ryfylke Kunstlag, etter tidlegare utstillingar i 1993 og 2008.

Unik måte å tolka naturen på

Ivar Haugen, oppavleg frå Sauda, men nå busett på Finnøy. Geir Landa

Haugen er kjent for sine sterke uttrykk gjennom måleri som fangar mektige landskap. Han målar også torso og abstrakte måleri. I utstillinga vil du få sjå mange av hans nyaste verk, som viser hans unike måte å tolke naturen på. Han bruker akryl på plate som medium.

Haugen er ein biletkunstnar fødd i Sauda og busett på Finnøy. Han har utdanning frå Drammen Yrkesskule i reklameteikning og Studieatelieret i Stavanger, som i dag er kjent som Kunstskolen i Rogaland.

Marie Bergesen
Ryfylke Kunstlag



Ivar Haugen er kjent i Suldal og dette er tredje gongen han stiller ut i kommunen. Geir Landa



Redaktør:
Esther Moe
Tlf. 970 51 122
esther@suldalsposten.no



Journalist:
Nora Bogetvedt Jenssen
Tlf. 970 51 125
nora@suldalsposten.no



Journalist:
Oda Rørstad Torbjørnsen
Tlf. 903 65 848
oda@suldalsposten.no



Grafisk formgjevar/marknad:
Nora Olsen
Tlf. 934 37 818
norao@suldalsposten.no



Dagleg leiar:
Siri Førland
Tlf. 952 86 814
siri@suldalsposten.no

| Omtale

Påskebasar i Jøsenfjorden



Skjærtorsdag er det duka for ny påskebasar i Jøsenfjorden. Foto: Haldis K. Nilsen

Skjærtorsdag er det duka for ny påskebasar i Jøsenfjorden att. Basaren er det store samlingspunktet for fastbuande, hyttefolk og tilreisande og har vore arrangert i 69 år!

Loddsal, andakt, kaffi og kaker

Det vert både sal av papirlodd på staden, loddsal i bøker i forkant og same kvelden. Det blir andakt, og som vanleg er det ein god pause med heimebakst og kaffi. Det heile finn stad på Jøsenfjorden bedehus, og inntektene går til investering og vedlikehald knytt til bygget.

Haldis Karine Nilsen
Jøsenfjorden bedehus

| Dødsannonser



Vår kjære og umistelige mor,
gode svigermor, bestemor
og søster

**Anne Marie Jenny
Sæbø**

f. 14.06.1946

døydde fredfullt frå oss i dag.

Suldal sjukeheim/Sand,
2. april 2025.

Takk for smil og gode minner.
Vi vil savne deg.

**Jan Ove - Ann Kristin
Nino
Håvard
Slektas elles**

Gravferd frå Sand kyrkje
fredag 11. april kl. 12.00.
Seremonien vert avslutta
ved grava.

| Gratulerer

**1 ÅR**


Hipp hipp hurra for minste-guten Lukas Norheim som fyller 1 år fredag 11. april. Me gledar oss til å feire deg.

*Klem frå onkel Christer,
Fiorella, besta, besten,
bestemor og bestefar.
Gjengen din heime
helsar og!*

**7 ÅR**

Me vil gratulere godjentå vår Henny Vaage Steine med 7-årsdagen 4 april. Me gleder oss til selskap.

*Gode klem frå tanter,
onklar, Tobias, Tomas,
Ellinor, Theodor,
besten og farmor.*

**12 ÅR**

Gratulerer så mykje med 12-årsdagen din 5. april, Aurora Eike Kaltveit. Vi gleder oss til feiring på lørdag. Vi digger og elsker deg kjempe mye, humørsprederen våres!

*Stor klem fra mamma,
Håvard, Natalie,
Angelica, Anna Maria,
Stella Emilie og mormor.
Alle de 4-bente
hilser også.*

Send inn di helsing til
annonse@
suldalsposten.no
heilt gratis i dag!

**15 ÅR**

Me vil gratulera Mathias Veen-Fjetland så masse med dagen din i dag 8 april. Ha ein gilde dag. Nå gledar me oss til konfirmasjon i mai.

*Helsing frå mormor
og bestefar.*

**70 ÅR**

Vår gode og hjelpsomme mann, son, far, svigerfar og bestefar Sigbjørn Myrvang fyller 70 år 9. april. Me er veldig glad i deg og gler oss til feiring påskeafta.

Stor klem frå flokken din.

| Familien



Me vil gratulera Eivor Fugelsøy og Jon Eriksen Vold med litleguten Eilev! Han kom til verda 26. mars til stor glede for oss alle, ikkje minst storesøster Elli. Beste helsingar bestemor og bestefar i Preståsen.



Jan Erik Kristensen fotografert i sitt rette element som leirskulelærar på Gulling leirskule.

Våren er travel for Jan Erik Kristensen. Plutseleg er det full aktivitet med både jobb og O-laget, men leirskule-rektoren finn likevel roen i helga.

Jan Erik Kristensen på ein søndag

» **Kva driv du på med/er opptatt av for tida?**

- Det er først og fremst jobben som rektor og lærar på leirskulen, men nå er våren her, og då skal Suldal O-lag for alvor i gang. Over 400 elevar skal ha skuleorientering neste veke. Det er litt hektisk på starten av våren.

» **Korleis ser denne helga ut?**

- Helga blir relativt roleg. Våren kom med ein smell, og det må gjerast hagearbeid. Eg skal også på tur, an-ten på ski eller til fots.

» **Kva er digg helgemat for deg?**

- Eg et alt, og det kan godt vera pizza eller taco på ein laurdag, sjølv om ungane har flytta heimafrå, men søndagar er det lettsalta torsk på menyen. Det er utruleg godt.

» **Kva er favorittsnopet ditt?**

- Det må bli sjokolade i ein kvar fasong.

» **Kan du avsløra gledar du skjemmest litt over?**

- Då må det nok bli at eg kanskje er litt for glad nett-opp i sjokolade. Det kan jo bli litt for mykje.

» **Nemn noko/ eller nokon som sist gjorde deg glad?**

- I leirskulejobben får eg kvar dag sjå elevar som meis-trar. Dei blir tryggare på ski, og dei får til å vera hei-mefrå. Det er stort for mange. I tillegg er det veldig kjekt når døtrene mine, som studerer i Trondhjem, kjem heim til Suldal.

» **Og kva kan gjera deg irritert?**

- Ikke så mykje, men eg møtte ein bil i løypa då eg var på skitur for litt sidan. Det er ikkje kjekt.

» **Ditt beste barndomsminne?**

- Det er nok turane med heile familien. Me drog på hytta i fjellheimen og på Sørlandet. Me hadde mange flotte ski- og fotturar. Eg trur det var ein av grun-nane til at eg ville driva med orientering og seinare friluftsliv.

» **Siste kulturoppleving?**

- Den beste opplevinga eg har hatt i det siste, var Mari Boine på Kulturhuset. Det var utruleg flott. Den siste opplevinga må ha vore Odd Nordstoga-konserten. Då stod han åleine på scenen og spelte forskjellige instru-ment. Det var imponerande, synest eg. Nordstoga er også ein god forteljar.

» **Kven ville du invitert til Kulturhuset og kvifor?**

- Eg vil gjerne ha med min kjæraste og sambuar, men eg drar veldig gjerne med gode venner også.

» **Har du ein film, musikk, bok, serie eller noko å anbefala til ein lat søndag?**

- Når eg verkeleg skal slappa av, er det sci-fi og fan-tasy som gjeld. Eg har ein sci-fi-serie frå slutten av 80-talet som heiter Firefly, som eg gjerne ser opp igjen og opp igjen.

» **Turtips til ein søndag, kort eller lang?**

- Eg har ein favorittplass i Dyraheio. På våren går eg gjerne inn til Steinkilen. Der er det ei fjellstyrehytte frå 1995 som eg pleier å overnatta i. Viss eg ikkje går dit, har eg gjerne med telt og gapahuk og tar gjerne turen til det eg kallar Det forjetta vatn. Det ligg i Ro-alkvamsheia, og her får ein veldig fin fisk: Heilt knall-raud aure. På sommaren er dette ein ferieplass for meg.

» **Kor likar du best å feriera?**

- Det må eg seia er nettopp i fjellheimen, eller på hytta «Tangen» på Sørlandet. I fjar fekk eg ei ekstra veke med ferie, og då blei det ein syden-tur seint på haus-ten. Midt på sommaren vil eg helst feriera i Norge. Blir det varmt midt på sommaren, drar eg til fjells.

» **Kven i Suldal fortener litt ros på tampen av veka og kvifor?**

- Me leirskulelærarar er heilt avhengige av service-personalet på Gulling Turistsenter. Eg vil særleg få trekkja fram Rasa Pascevitiate og mannen hennar, Thomas Nenius. Dei ordnar alt av mat og rydding. Utan dei hadde me ikkje hatt så mykje leirskule. Dei forte-ner skikkeleg ros.

Tekst og foto: Oda Torbjørnsen